PRESTANE I HÅ OG VARHAUG

DEI SISTE PRESTANE I VARHAUG-KYRKJA: Fotomontasjen syner dei tre siste prestane i kyrkja på Varhaug. Frå venstre Hans Landstad, (sokneprest i åra 1872 – 1885), Wilhelm Hansteen (sokneprest i åra 1862 – 1871) og Karenos Theodor Holm (sokneprest i åra 1885 – 1906) FOTO: T. CHR. TOMHAW, OSLO. UTSNITT. FOTOARKIVET HÅ FOLKEBIBLIOTEK. STATSARKIVET I STAVANGER.

Det er uråd å rekonstruere ei komplett liste over alle prestane i Hå. Materialet frå før 1563 er mangelfullt. Denne oversikten er dekkande for tida etter reformasjonen i 1536. Alle utanom Jon Ellingsen, som budde på Bø, budde på Hå. Det er prestane som tenestegjorde i kyrkja på Varhaug som er tekne med i oversikten.

Hallwarde er nemnt i tida før 1303
Asolf Einarson er nemnt i 1389

Jon Ellingsen	1563-1612
Christen Lauritsson Lind	1612-1639
Peder Nilsson Sætisdal	1639-1655
Laurits Samuelson Lind	1655-1668
Peder Eriksen Leganger	1668-1706
Ludvig Hermanson Schultz (kapellan i Hå mellom 1701-1706)	1706-1734
Sigvard Munch	1734-1747
Bendix Djurhuus	1747-1766
Nils Grøver	1766-1796
Søren Michael Kastrup	1796-1826
Christian Juell Sandberg	1827-1838
Jan Theodor Kielland	1838-1844
Knut Jørgensen	1845-1853
Andreas Hansen	1853-1862
Wilhelm Hansteen	1862-1871
Hans Landstad	1872-1885
Karenos Theodor Holm	1885-1906

Denne boka rommar ikkje biografiane til prestane som tenestegjorde på Varhaug. Vi tar likevel med nokre få glimt. Om ein av prestane, Christian Juell Sandberg, født på Onsøy i 1805, heiter det at han var svært aktiv og avhalden. Blant dei religiøse spørsmåla som sju-borns faren engasjerte seg i, var prestane sin rett til å nekte å vie fråskilte, om «*svermeriske og secteriske Vildfarelser*», og om fridomen

19.06.2015

19.06.2015

gen på Hå i 1903. Fru Holm står bak hesten og ei av døtrene i døra.

Hå prestegard var eit administrasjonssentrum før, i tillegg til dei to lensmannsgardane på Hobberstad og Hårr. Sokneprest Holm hadde fleire oppgåver for kommunen. Han hadde mellom anna ansvaret for skulen.

Hå låg avsides til. Holm måtte bruka mykje dyrebar tid i karjolen i all slags vind og ver. Prestane måtte sanneleg vera helsesterke før.

I prestegardstunet på Skjærpe.

Zakarias J. Brekke var sokneprest i Hå frå 1939 til han gjekk av med pensjon i 1951. Siste sommaren i prestegarden tok Arnulv Brekke dette biletet av foreldra, Zakarias og Kari Brekke, i tunet på Skjærpe. I 1951 flytte dei til eige hus på Nærbø.

Det var rolegare i tunet på Skjærpe enn i det gamle prestegardstunet nede på Hå. Gardsbruket var lite samanlikna med Hå. Familien Brekke hadde ikkje hest, berre høns og tre kyr på det meste.

Bygningane på Skjærpe var ferdige i 1920. Prestegardsløa vart riven etter at sokneprest Fidjestøl flytte rett etter 1970.

bSide 2 av 2

Det kan jo godt vera, men eg trudde ikkje ho var det.

Dersom boka er utselt, kan desse Holm-etterkomarane kanskje få sjå albumet eg laga for HÅGP i 1886 med eksemplar av alle fotografia i Landstad-arkivet. Originalnegativa vert oppbevarte her på statsarkivet.

Eg nemner dette for Berit Helene Obrestad.

Mvh Lisabet

Statsarkivets hjemmeside

Følg Statsarkivet på

Denne e-posten er skannet av MessageLabs Email Security System.
For mer informasjon se
http://www.messagelabs.com/email

No virus found in this message.
Checked by AVG - www.avg.com
Version: 10.0.1434 / Virus Database: 4365/9543 - Release Date: 06/18/15

FROM BENT OBRESTAD, 15.06.20

From a history of Norway.

17. Karenos Theodor Holm, 1885 - 1906, var fødd i Bergen den 14-10 1845, død i Urskog 26-8 1912. Han var son til sorenskrivar Christian Lerche Dahl Holm (1812 - 1889) og Caroline, f. Bredal (død på Haa 29-3 1892). Holm vart student i 1862, cand. theol. 1868, og same året vart han styrar på Borgarskulen i Farsund. I 1874 vart han kateket i Haugesund, og i 1878 soknepresti Askevold i Sunnfjord og soknepresti Haa i 1885. I 1906 vart han prest i Urskog. Han var gift i Trondheim i Nidaros-domen 12-4 1870 med Cecilie Cathrine Gløersen, fødd i Trondheim 20-5 1847, død i Bergen 23-9 1938, der ho budde hjå yngste dottera Mathilde Holm Beyer. Ho var dotter til sorenskriver i Sogn Gerhard Gunnerus Gløersen (1819 - 1896) og kona Mathilde-Therese Bergh, f. i Drammen (1824 - 1850). — Karenos og Cecilie Holm hadde 11 barn:

1. Therese Caroline Holm, f. i Farsund 21-4 1871, d. i New York 27-2 1947, ugift. Ho var først kontorist i Bergen, seinare sjukesøster i England og U.S.A.
2. Christian Lerche Dahl Holm, fødd i Farsund 9-2 1873, død i Bergen 27-2 1952. Lækjar først ei tid på Bryne, sidan i Bergen, gift 1903 med Zora Gundersen.
3. Caroline Holm, f. i Solvorn 1874, d. i Uppsala, Sverige 1956. Sjukesøster. Gift i 1903 (i Nærbø kyrkje) med professor dr. med. Hjalmar Forssner frå Stockholm.
4. Gerhard Gunnerus Gløersen Holm, f. i Haugesund 1876, d. 1938. Advokat i Oslo, gift 1908 med Fanny Hagerup, f. 1881, d. 1951.
5. Helene Christiane Holm, f. i Haugesund 1877, d. 1960, gift på Madagaskar 1905 med misjonsprest Olaf Stokstad, f. i Ullensaker 1876, d. 1957.
6. Cicilie (Cie) Cathrine Holm, fødd i Askevold 1879, d. i Stockholm 1925, gift i Urskog 1907 med ingeniør Jon Landstad (sjå 16. 5.).
7. Anton Carl Bernh Holm, f. i Askevold 1880, d. 1925, gift i Larvik 1908 med Kirsten Stephansen, f. i Larvik 1885, d. 1963. Anton Holm var advokat i kompaniskap med broren Gerhard.
8. Waldemar Holm, f. i Askevold 1882, d. i Oslo 1959. Han var bygningsingeniør i Oslo, gift i Tønsberg 1911 med Ragna Larsen, f. 1889, d. 1949.
9. Mathilde Holm, f. i Askevold 1883, d. i Bergen 1963, gift i Urskog 1910 med skipsmeglar i Bergen, Axel Beyer, f. 1863, d. 1937.
10. Danckert Krohn-Holm, f. på Haa 10-7 1886, gift i Elverum 1916 med Helene Hertzberg, dtr. til hotelleigar Hertzberg (1852 - 1923) og kona Beathe, f. Haagensen (1854 - 1932). D. Krohn-Holm vart student i 1904, maskiningeniør 1908. Han praktiserte i Sverige 1923 - 1928, vart overlærar ved Elementærskolen i Oslo i 1935. Busett i Oslo. Dei har 3 barn:
    1. Jan Weiner Krohn-Holm, f. 1918. Redaktør i Larvik. Gift 1944 med Kari Berg Nielsen.
    2. Wenche Krohn-Holm, fødd 1921, kemikar. — Gift med major Peter Brambani, f. i Oslo 1923. Busett på Tjøme.
    3. Danckert Krohn-Holm, fødd 1923, agronom, kontorsjef. Gift m. Kari Hveem, f. Nes, Hedmarken, 1926.
11. Theodor Holm, f. på Haa 13-6 1888. Student frå Kristiania Handelsgymnasium. Busett i New York frå 1909, der han gjekk inn i Assuranse-bransjen. Flutte til Chicago i 1923 og tilbake til New York i 1942, der han vart leidar av Loyds Insurance Corporation, gift 1918 med Jean Parke, f. i Minneapolis 1888, artist og forfatter. Ei dotter:
    1. Celete Holm, f. i New York 1917, gift 1) 1936 med Ralph Nelson av svensk ætt, filmprodusent, gift 2) 1946 med Alexander Schyler Dunning. Ho er skodespelar ved film og teater, Broadway, New York.

Digitized by the Internet Archive
in 2025

https://archive.org/details/prestaneihaogvar00tedn

Berit Helene Obrestad

Fra: "Lisabet Risa" <liri@arkivverket.no>
Dato: 19. juni 2015 10:36
Til: <bhobr@hkabel.net>
Emne: VS: Boka: John Landstad Prestegardsminne frå Hå i 1890-åra

Hei

Her er eposten eg sende til HåGP ved Ingunn Nord-Varhaug.

På statsarkivet har me også kontaktkopiar av glassnegativa til John Landstad, dessutan eit album Gerhard Holm laga i 1906.
Dei fleste av dei svært bleikna fotografia i dette albumet er kopiar av fotografia til John Landstad.

Fire av fotografia Gerhard Holm tok, er brukte i boka mi: *Bilete frå Hå (1990).* Eitt av desse viser mellom anna Christian Holm, bror til Gerhard Holm på stasjonen på Nærbø (sjå side 231 i boka).
Eg brukte også eit par av fotografia knytta til Varhaug sokn og Varhaug kyrkje i boka mi: *Varhaug kyrkje 1904 - 2004 (2004).*
Eitt av desse viser broren Waldemar Holm utafor Varhaug kyrkje i 1906 (side 25).

Begge desse bøkene er tilgjengelege. HÅGP sel boka *Bilete frå Hå.* På kyrkjekontoret kan du få boka om Varhaug kyrkje.

Om gjestene dine vil sjå albumet med bleikna fotografi og kontaktkopiane av Gerhard Holm sine fotografi, er dei velkomne til lesesalen vår. Statsarkivet tek også vare på prestearkivet med soknepresten Holm sin produksjon som prest i Hå.
Lesesalen er open tysdagar - torsdagar. Den er desverre stengd på fredgar og måndagar

Med vennleg helsing

Lisabet Risa
Statsarkivet i Stavanger
Telefon: 48 89 23 64 / 51 50 12 60

Statsarkivets hjemmeside

Følg Statsarkivet på Facebook

Fra: Lisabet Risa
Sendt: 18. juni 2015 12:38
Til: 'Ingunn Nord-Varhaug'
Emne: Boka: John Landstad Prestegardsminne frå Hå i 1890-åra

Hei Ingunn
Eg sender dette spørsmålet til deg.
Berit Helene Obrestad ønskjer å kjøpa eit eks. av boka mi: John Landstad. Prestegardsminne frå Hå i 1890-åra (Hå kommune ved kulturetaten 1986).

Ho får besøk av etterkomarar av soknepresten Holm på Hå. Dei vil gjerne kjøpa eit eksemplar.
Berit Helene Obrestad kontakta Hå GP om dette, men fekk visst ikkje eit klart svar. Derfor kontakta ho også meg.

Er boka/heftet utselt?

19.06.2015

Risa, Lisabet: Då danskedronninga smykka seg med perler frå Hå. Artikkel i «Jærteikn» Nytt frå Hå gamle prestegard, nr. 2, 1988.

Skadsem, Marius: Gamalt frå Hå. Årboka: Frå bygd og by i Rogaland 1964. (Artikkelen er ein kort presentasjon av dei mellomalderkjeldene som omhandlar Hå).

Tiltnes, Hjørdis Aanestad: Prestegarden ingen gløymer. Intervju med Sigurd A. Aanestad, son av siste forpaktaren på prestegarden. Aanestad var seinare gardsstyrar hjå konsul Isachsen på Hå. Stavanger Aftenblad 23. desember 1982.

Hå - Nærbø - Varhaug 1837-1937 og ymse tilfang til ei bygdebok for Hå prestegjeld (1939).

Hå prestegard sett frå Håelva. John Landstad tok biletet 6. september 1895. Her får vi eit godt inntrykk av forpaktarbustaden frå 1834 med tilbygg frå 1849 og 1868-1876.

I 1888 vart prestegardstunet selt til ein privatperson som fekk kjøpa ein del av prestegardsjorda. Det var då bygt nye prestegardsbygningar på same garden.

Halvparten av den gamle hovudbygningen frå 1793 vart riven i 1941, resten dei fylgjande åra. Alle dei gamle uthusbygningane er og rivne.

Den nye prestegarden frå før 1888 vart riven i 1963. Frå 1962 av har soknepresten i Klepp budd i moderne prestebustad ved Klepp kyrkje.

Rogaland Felleskjøp har sidan 1946 forpakta prestegardsjorda på Sørbø til stamsædgard (korn og poteter) for Rogaland.

LYE var prestegard i Lye (Time frå 1927) prestegjeld frå ca. år 1400 av og fram til 1932. Time kommune kjøpte då garden for å nytta han som arbeidsgard. Frå 1957 av har garden vore i privat eige. Hovudbygningen frå 1893 var riven i 1982.

Frå 1932 av har soknepresten i Time budd i den nye prestegarden på Time, ved sida av kyrkja. Det er ikkje gardsbruk til prestegarden.

fire in 1787. It was after this second fire that the present building was erected. Two sketches in the leaflet show the buildings as they appeared after 1787 and after 1858. At that time the main building was extended towards the north (see pg. 22 and pg. 24). The old barn was rebuilt several times, latest in 1899. In 1927 the most recent of the two present barns was erected. It was at this time that the old, ground-hugging stone outhouses were pulled down.

Hå had been a major farm. However, in 1834 it was leased out and a house was then built (to the east) for the tenant farmer. The vicar found he had duties sufficient in connection with his church and also as a public servant within both the municipality and the state administration; the Hå vicarage was an administrative centre as well as a cultural one.

Between 1921 and 1978 the old vicarage had four different owners. It was when the last owner decided to build a new house right in front of the old main building that public opinion took hold that the municipality should step in to save the venerable, if dilapidated, buildings. Local politicians acted fast. The entire complex, including the main building, the two barns and about 8 mål (2 acres) of land was purchased in 1978, from the current owner who moved out and built a new complex south of the vicarage buildings. Restoration work began in the autumn of 1979. The aim of the restoration has been to return the main building to the appearance it had after it had been extended in 1858, while employing modern techniques and meeting today's requirements. The older of the two barns is also being restored in this manner.

Ever since the opening as a cultural centre in April 1983, the old Hå vicarage has been blooming with activity. Between April 1983 and December 1988 about 70 exhibitions of art or culture – some small, some large – have taken place at Hå, attracting several 100.000 visitors, among them about one thousand classes of school children. The big emigration exhibition "The promise of America" in the autumn of 1984, alone sold 25.000 entry tickets.

After six years of operating as municipal cultural centre, we can safely claim that an old tradition-imbued meeting place on Jæren has found a new life. The old Hå vicarage has become established as a popular meeting and excursion place for people all over the southern part of the county of Rogaland.

(Translated by Susan Tyrrell)

«Haae. . . Liger strax ved Søen udj alle Reysendes Vey . . . . »

– Den gamle prestegarden ved havet låg sentralt til

Denne utsegna finn vi i ei jordebok frå 1668. I dag ligg Hå prestegard avsides. Det var ikkje slik for berre vel hundre år sidan. Frå gamalt av låg prestegarden midt i leia for all ferdsel både på sjø og land, og sentralt til i forhold til kyrkjene.

Heilt frå etter kristendomen vart innført i Norge for om lag 900 år sidan, var det tre sokner og dermed tre kyrkjer i prestegjeldet. Bø kyrkje på garden Bø i Nærbø var hovudkyrkje fram til ca. 1650. Difor hadde prestegjeldet namnet Bø.

Ca. 1637 flytte presten ned til Hå og tok denne garden i bruk som prestegard. Det var Bø sokneprestembete som åtte Hå. Dermed vart den andre kyrkja i Nærbødelen av prestegjeldet, Njærheim kyrkje, hovudkyrkje. Prestegjeldet fekk og namnet Hå i staden for Bø prestegjeld.

Den tredje kyrkja låg på garden Varhaug, heilt i utkanten av Varhaugsokna.

På denne tida fanst det berre ein veg gjennom prestegjeldet. Det var den gamle kongevegen som gjekk langs sjøkanten i Hå, framom både Njærheim kyrkje, Hå prestegard og Varhaug kyrkje. Bø kyrkje låg eigenleg usentralt til. Då presten flytte ned til Hå, kom han midt i leia. Hå var dessutan ein betre gard enn Bø og hadde fleire «herligheder» i form av laksefiske, perlefangst med vidare.

I løpet av 1800-talet førte endringar både innan sokneinndelinga og innan kommunikasjons- og busetnadsmønsteret til at Hå kom til å liggja alt meir avsides. Det fyrste som skjedde og som seinare fekk uheldige fylgjer for prestegarden på Hå, var ei sokneregulering i Nærbødelen av prestegjeldet.

Korkje Njærheim eller Bø ligg i dag usentralt til i Nærbø. I 1834 vart likevel båe soknene slegne saman til ei sokn, og dei to kyrkjene rivne. Grunnen var nok den at ein fann det meir rasjonelt med ei sokn og ei kyrkje framfor å vøla på dei to gamle og små kyrkjene frå ca. 1630 og 1708.

I 1986 vart det stifta eige vennelag for Hå gamle prestegard. Laget har no kring 250 medlemmar. Vennelaget har stått for fleire ulike arrangement på Hå, mellom anna kunstutstilling hausten 1987, midsommarfamiliefestar i 1987 og 1988, og fleire temamøte. Vennelaget sitt medlemsblad «Jærteikn» kjem ut med to nummer i året.

Etter opninga i 1983 har Hå gamle prestegard etter kvart fått fleire ulike bein å stå på. Målet for drifta av kultursenteret er å formidla kunnskapar innafor område som kunst og kultur, landskaps- og fornminnehistorie, den nære lokalhistoria, og innafor den lokale og nasjonale litteraturen. Hå skal dessutan vera naturleg samlingsstad for ulike lokale arrangement.

Etter seks års drift kan vi trygt slå fast at ein tradisjonsrik møtestad på Jæren har fått eit nytt og rikt liv. Hå gamle prestegard har til fulle bevist at staden fungerer som kultursenter i brei forstand, ikkje berre for innbyggjarane i Hå, men for folk i heile jærregionen. I dag finst det få motstandarar av drifta på Hå gamle prestegard. Dei ulike lokale meiningsytringane dreier seg om tempoplanar og nivå for den vidare utbygginga og drifta av kultursenteret.

Dei var båe i svært dårleg stand på 1800-talet.

Den nye kyrkja vart bygd på Skjærpe. Det vart då aktuelt med eit nytt soknenamn. Namnet vart Nærbø. Det er samansett av den fyrste stavinga i Njærheim (skrive Nærem før) og Bø.

Presten fekk forsåvidt ikkje lenger kyrkjeveg nå. Han hadde dessutan berre to kyrkjer å reisa til, i staden for tre tidlegare. Bøkyrkja hadde også lege mest usentralt til for han.

Den fyrste bygdevegen i prestegjeldet vart då og den nye Prestvegen mellom Hå prestegard og den nye kyrkja på Skjærpe. Vegen var ferdig samstundes med kyrkja i 1834.

På same tida arbeidde amtet (fylket) på den fyrste kjørevegen (kjerreveg) mellom Stavanger og Egersund. Dette var postvegen eller riksveg 44 som vegen heiter i dag. I 1804 var denne vegen ferdig til Søyland i Nærbø, og ca. 1838 var han ferdig til Brusand.

Den nye postvegen fekk nok litt uheldigare fylgjer for prestegarden. Nå vart det slutt med å nytta kongevegen som gjekk framom Hå. Ferdsla trekte meir innover i landet.

Det som for alvor sette fart i denne utviklinga, var likevel den fullstendige endringa innan kommunikasjons- og busetnadsmønsteret som Jærbanen førte til. Etter at Jærbanen var ferdig i 1878, vaks det gradvis opp nye bygdesentra kring dei tre jernbanestasjonane i prestegjeldet, Nærbø, Varhaug og Vigrestad. Den nye kyrkja i Nærbøsokna låg i så måte ikkje usentralt til, men både Varhaug og prestegarden på Hå kom nå i bakevja. Dette var jo før bilane si tid. Det gjekk fyrst ut med Varhaugkyrkja. Spørsmålet om flytting av kyrkja var fyrste gong oppe i kommunestyret i 1889. I 1905 vart kyrkja riven. Den nye Varhaugkyrkja vart reist på garden Odland. Denne staden lå lagleg til midt mellom Varhaug og Vigrestad. Det var desse to bygdene som utgjorde Varhaug sokn. Det var og planar om å flytja prestegarden nærare hovudkyrkja på Nærbø. Ein ting var at prestegarden nå låg avsides til. Det hadde og mykje å seia at prestegardsbygningane var i svært dårleg stand. Det fall urimeleg dyrt for prestane å halda dei vedlike. I 1919 stod difor den nye prestegarden ferdig på Skjærpe.

Ein 300-års epoke på Hå var slutt.

Prestegarden, kyrkjene og det eldste vegmønsteret i Hå prestegjeld.
(Teikning av Alf Næsheim.)

Natur- og kulturlandskapet på Hå ligg med andre ord vel til rette for fine opplevingar. Flesteparten av dei som besøkjer staden og som kjem attende gong etter gong, har likevel andre mål enn berre å oppleva natur og historie. Den gamle prestegarden har rett og slett vorte møtestaden på Jæren. Folk reiser til Hå i helgene for å drikka kaffi og drøsa med andre. At den gamle prestegarden fungerer så bra på dette området, er svært verdifullt med tanke på den vidare drifta av staden. Det er slike nære ting som gjer at folk kjem tilbake hit fleire gonger. Dette har noko å gjera med måten dei gamle stovene presenterer seg på, sjølve interiøret med eit enkelt, men heimsleg preg, maten og serveringsmåten. Alt dette er enkle effektar, men dei har stor verknad.

Hå er med andre ord ein ressurs både når det gjeld landskapet, det ytre miljøet, og på det sosiale området. I tillegg kjem alle utstillingane og dei mange arrangementa.

Kunst, kultur og historie på Hå - prestegarden som utstillingsstad

Då året 1984 gjekk mot slutten, hadde Hå i høg grad markert seg i Rogaland som ein aktiv utstillingsstad. Tala for denne første eit og eit halvt års perioden viste at kring 100.000 menneske hadde besøkt Hå eller nytta bygningane her til ulike aktivitetar. Det var dessutan 19 større og mindre utstillingar og omlag 250 ulike lukka arrangement, alt frå lagsmøte og eindagsseminar til private jubileums- og festsamkomer.

I denne perioden var det ein fin balanse mellom reine kunstutstillingar og eigenproduserte utstillingar med tema frå lokalmiljøet. Kultur- og skuleetaten laga eigne undervisningsopplegg til fleire av desse utstillingane.

Den første eigenproduserte utstillinga laga med tanke på skulane i Hå, var «Alikkavatn og tonglatare» - om nyttevekstar på Jæren. Til opninga 2. september 1983 stod det ferdig linåker og krydderhage i prestegardshagen. Ulike helgearrangement tok for seg tema som linplanting, plantefarging av garn og sevskolaging. Undervisningsopplegget til denne utstillinga fungerte godt.

Den største utstillinga i denne første perioden var vandreutstillinga «Reisen til Amerika» som kom frå Høvikodden i Oslo til Hå, hausten 1984. Folk kom frå heile Sør-Rogaland for å sjå utstillinga om utvandringa til USA. Ho hadde og eit godt besøk frå skulane i sørfylket.

Ved kvart presteskifte skulle det haldast åbotsforretning. Retten gjekk då gjennom bygningane på prestegarden for å notera seg eventuelle manglar. Prestane skulle vedlikehalda bygningane sjølv.

I 1767 fanst desse bygningane på prestegarden:

- hovudbygningen
- løe
- fjos, sauehus og grishus, alle under same tak
- hestestall
- eld- eller bryggjarhus
- torvhus
- kjellarbu og hønsehus under same tak
- eit lite hus ved torvhuset

Hovudbygningen hadde desse roma:

- storstova
- det nordre kammeret ved storstova
- spiskammeret
- den såkalla «lille stue» eller drengekammeret, med dør til kjøkkenet
- kjøkkenet
- kammeret på søndre side
- storstovekammeret
- gangen
- eit kammer på søndre side av loftet
- eit lite kammer på loftet
- det ytre loftet

Det går fram av åbotsforretninga at hovudbygningen hadde pannetak og uthusa nevertak (torvtak), likeeins at hovudbygningen hadde vore måla ein gong før 1747. Denne målinga var ennå så vidt synleg 20 år etter. Retten meinte det ville gå med 2 tønner tjøre og to tønner raud og brun måling til å måla hovudbygningen igjen. I hovudbygningen var det elles 5 kakkelomnar.

Det var desse bygningane som brann 9. februar 1787. I tilleg stod det eit anna våningshus i tunet som også brann. Dette hadde presten Diurhuus (1747-1766) sjølv bygt og selt til ettermannen. Dette huset hadde tre rom, sval eller gang, loft og kjellar.

På dei 20 åra som hadde gått sidan åbotsforretninga i 1767, hadde det nok likevel skjedd ein del småforandringar på prestegardsbygningane.

ned før transporten. På Hå vart huset uten problem av noko slag lyfta på plass på dei nye kjellarmurane.

Ikkje lenge etter tok ein til med restaureringa av jærhuset. Dette arbeidet skjedde etter dei same prinsippa som for restaureringa av hovudbygningen. Huset fekk ny kledning, nye vindaugo, nytt tak og ny vestradør. Den gamle døra på vestsida var fjerna tidlegare. Inne vart det murt ny gruve i kjøkkenet og ny skorstein, og huset fekk elektrisk oppvarming.

Romplanen elles er no slik han var i alle jærhus før: Inngangen på vestsida fører til gang med ei stove på kvar side. Inngangen på austsida fører til kjøkkenet. Det er dessutan to stovekammers og eit spiskammers mot aust. Loftet er ope og har ein sal i kvar ende.

Jærhuset var ferdig restaurert sommaren 1987. Ein open plass i det gamle tunet fekk dermed nytt liv.

Det står enno att ein god del arbeid når det gjeld sjølve tunet. Målet er å skapa dette til eit lukka tun utan bilar, slik det var her i prestetida. Det må dermed lagast store nok parkeringsplassar utafor tunet.

Desse siste planane har fått kommunal godkjenning. Det gjeld og for planane til tilbygg ved det noverande inngangspartiet til fjoset. Tilbygget vil røma toalett og garderobar, magasin, utsalsstad for grafikk med vidare.

I løpet av 1990 vil truleg dette tilbygget og parkeringsplassen utafor tunet vera ferdig. Tunet skal deretter få steingjerde og portar. Dei tre akvarellane til Gabriel Monsen frå 1858 og mange bevarte fotografi frå 1890-åra dokumenterer korleis det gamle prestegardstunet såg ut.

Prestegardsanlegget vil likevel ikkje vera ferdig i løpet av dei neste par åra. Fleire restaureringsoppgåver ventar enno. Løedelen i den gamle driftsbygningen er sikra med nytt tak, men han er ikkje ferdig innvendig, sidan ein ikkje har teke endeleg standpunkt til bruken av denne delen. Den nye driftsbygningen frå 1927 skal nyttast av gardbrukaren på Hå fram til 1990. Då må kommunen avgjera om denne bygningen skal verta ståande, og kva han i så fall skal nyttast til.



Hå prestegard 1858. Akvarell av Gabriel Monsen. (Eigar Stavanger Museum).

teglsteinar. Bygningen var vel 17,5 meter lang og 9 meter brei. Desse måla er så å seia dei same som på den hovudbygningen som brann. Kanskje var hovudbygningen etter 1787 bygd på dei gamle grunnmurane?

På nord låg eit tilbygg til hovudbygningen, vel 8 meter langt og 8 meter breitt. Tilbygget var ennå ikkje bordkledd. Medan hovudbygningen hadde store, moderne vindaugo, hadde tilbygget blyvindaugo.

I tilbygget var «Tjenernes Stue» og «Pigernes Kammer», likeeins eld- eller bryggjarhuset. Her var det både skorstein og bakaromn. Under tenarstova (drengene sitt rom) var det ein liten kjellar, oppmura av kampestein.

Uthusbygningane i vest og nord gav ikkje same moderne inntrykket som hovudbygningen, sjølv om også desse hadde fått raude teglsteinstak. Nederst mot sjøen låg to lange, låge bygningar etter kvarandre. Veggene var av kampestein og jord. Dette var hestestallen, sauehuset og grishuset som alle hadde felles tak. Deretter kom torvhuset som eigen bygning i sør. Bygningane låg så å seia vegg i vegg. Dei var heile 31,5 meter lange til saman, og 5,7 meter breie.



Jærhuset under restaurering. I nordre stova er vindaugo frå tida etter 1955 skifta ut. Stova har i staden fått vindaugo slik dei såg ut då huset var reist i 1859.
(Foto Steinar Undheim.)

Til opninga av Hå gamle prestegard som kommunalt kultursenter 8. april 1983 var hovudbygningen ferdig restaurert, som den første av dei tre bygningane i tunet. Samstundes var ein i full gang med utvendige arbeid i tun og hage.

Hausten 1983 starta arbeidet på den eldste driftsbygningen. Målet her var å bevara det enkle formspråket bygningen hadde som uthusbygning. Dessutan ynskte ein å innreia fjoset, stallen og brunnhuset til rom som skulle varmast opp og nyttast heile året til ulike føremål. Løa skulle og setjast i stand, men berre til bruk utan oppvarming.

Dei utvendige arbeida på bygningen tok til først. Taket vart lagt om på tunsida, og det fekk handlaga teglpanner. Det meste av dei utvendige veggene fekk ny, liggjande kledning. Delar av murverket vart og utbetra. Ytterveggene vart isolerte med leca og grovpussa. Fjoset vart kvitkalka (tilsett litt sement) innvendig. Veggene i dei to andre roma vart sementvaska. Dei opphavelege fjosvindaugo i jern kom og på plass att. Alle golv vart seinka ca. 50 cm, isolerte, og det vart lagt ned varme-

sjonar den nye soknepresten meinte var nødvendige. Særleg vindaugo og vindskier måtte skiftast ut.

Torvhuset og fjoset måtte etter hans meining rivast og erstattast med nye bygningar. Kastrup var rett og slett redd for å ha kyrne sine i fjoset. Han meinte det lett kunne falla ned over dei. Hestestallen, saue- og grishuset var også i svært dårleg stand. Etter Kastrup si meining kunne tilstanden her likevel forbetrast ved reparasjonar, slik at bygningen ennå kunne stå nokre år til.

Det er difor grunn til å tru at både dette uthuset, fjoset og torvhuset var eldre bygningar frå før brannen, og at ein berre la nye møne og tak på dei gamle kampesteins- og jordveggene i 1787. Kastrup nemner og i kallsboka at fjoset var ein eldre bygning frå før brannen. Dermed kan vi seia at brannen i 1787 likevel ikkje øydela alle bygningane på garden, og at den andre prestegarden på Hå truleg låg på samme staden som den nåverande.

Soknepresten Kastrup var ein aktiv herremann. Alt før 1796 hadde han bordkledd og raudmåla tilbygget på hovudbygningen. Han hadde og bygt eit nytt kvernhus og to tørkehus på prestegarden. Desse bygningane låg naturleg nok ikkje i tunet.

På vestsida av hovudbygningen (framsida) hadde han laga gardsrom med stakittgjerde kring, likeeins sett opp eit lite hus til små husdyr her. Elles var det ingen gjerde kring prestegarden ennå.

Kastrup fekk sanneleg nok å gjera med å halda dei mange bygningane så nokolunde i stand. Det får vi eit talande vitnesbyrd om når vi les den sirleg førte kallsboka hans. I kallsbøkene skulle prestane føra opp alle slags praktiske opplysningar om embetet, prestegarden og om rettar og såkalla «herligheder» som låg til prestegarden. Dette var med andre ord ei slags dagbok som var god å ha for hand når det kom nye prestar til gards. Her kunne dei finna dei opplysningane dei hadde behov for om garden og embetet.

I fylgje kallsboka hadde Kastrup alt måla hovudbygnigen utvendig tre gonger før 1798, sett i nye ruter og karmar i vindaugo, og likeeins sett opp lemmar for vindaugo på vestsida, slik at ikkje sjøfarande skulle forvillast av lysa frå stovene i prestegarden. Dette siste hadde han vorte oppmoda til å gjera under synfaringa i 1796. Kastrup hadde likeeins fått merka problema med storm og øydelagde taksteinar. Det var ikkje få utgifter han hadde i løpet av prestetida si for å halda taksteinane på plass. Verst



Dette biletet frå hausten 1982 viser tre av dei opphavelege soveroma på austsida, etter at veggene var måla direkte på tømmeret. Fargane som vart nytta, fanst alle på staden frå før. Målinga skjedde ved lasering. Dette arbeidet vart utført av to arkitektstudentar. (Foto Ole S. Trodahl.)

ein funne på staden. Veggene vart måla ved laseringsteknikk. Lasurmåling var kjend alt i mellomalderen, men teknikken slo først for alvor gjennom i Norge på midten av 1800-talet. Lasering vil seia at ein stryk eit sterkt fortynna målingslag over eit måla underlag, slik at underlagsfargen skin gjennom øvste laget.

Tre typar lyskjelder vart nytta. I kvart rom monterte ein lysskjenar i taket og kjøpte inn flyttbare «spotlights» til punktlys og til generelt lys. Dessutan fekk opphaldsroma miljølys med enkle PH 5-lampar. Til utstyr elles vart det kjøpt inn kvite lingardin, solide klaffebord i furu og jærstolar. Servise og andre bruksgjenstandar vart «stemt» saman. Målet var at alt inventaret skulle ha ein tidlaus design, og såleis passa inn i det særeigne miljøet den gamle prestebustaden representerte. Bygningen fekk elektrisk oppvarming, med ribbeomnar under vindaugo. Dei to stovene på sørsida fekk dessutan nye vedomnar, kopiar av ein modell frå 1776.

var det i 1818, då han etter ein vinterstorm mista ca. 1500 taksteinar som måtte erstattast.

Rett etter at Kastrup vart sokneprest, bygde han nytt fjos med stort hevdahus til på nordsida. I 1803 bygde han stallen, saue- og grishuset opp att med nye steinar. Dette skjedde truleg i samband med at han fekk sett opp steingjerde kring gardstunet og langs burægja frå uthusbygningane.

I 1807 sette Kastrup i stand torvhuset. Det var nok på dette tidspunktet at dei to lange steinbygningane mot sjøen kom under same tak.

I tillegg til kvernhuset og dei to tørkehusa, hadde han ført opp eit tømra naust på Vågtangen og ein ny, oppmura kjellar i den vestre hagen. Han hadde bygt to enkle torvløer i Søylandsmyra. Vi veit ikkje når desse småbygningane vart rivne eller om dei fall saman av seg sjølv. I fylgje kallsboka stod dei alle i 1843. Seinare prestar har notert at desse bygningane ikkje fanst, men vi veit ikkje kven som har gjort desse notata.

Dei kjende Gabriel Monsen-akvarellane over Hå prestegard frå 1858 gjev oss eit bilete av garden då han var på det beste. Den inngjerda hagen på aust- og sørsida hadde nå vakse til. Hovudbygningen var forlenga mot nord i 1849–1850 med nærare 6 meter. Samstundes reiv ein det gamle tilbygget på nord, kjøkken- og borgstovebygningen som dette tilbygget vart kalla på 1800-talet. Mellom det nye tilbygget på nord og høyløa vart det ført opp eit nytt bryggjarhus. (I vårt århundre vart det reist eit lite tilbygg til på hovudbygningen, ved sida av kjøkkeninngangen på nord. Dette vart og kalla bryggjarhuset eller vaskhuset.)

Alt i den unge presten Christian J. Sandberg si tid (1827–1838) vart gardsdrifta forpakta bort. Vi høyrer om den fyrste forpaktaren i 1833. Året etter var forpaktarbustaden ferdig. Han vart påbygd både i 1849–1850 og ein gong mellom 1868 og 1876. Både forpaktarbustaden og bryggjarhuset stod like til i midten av 1950-åra.

I 1846 vart det og bygt eit vognhus i bindingsverk. Denne bygningen vart plassert rett sør for den lange uthusbygningen i stein. Vognhuset vart og rive i midten av 1950-åra.

Rekonstruksjonsskisse av den nyreiste prestegarden etter brannen 1787.
Uthusbygningane til venstre: Fjoset mellom høy- og kornløa i aust, torvhuset og den kombinerte stall-, sauehus- og grishusbygningen i vest.
Det var truleg berre løa som vart nybygd etter brannen. Dei andre bygningane fekk berre nye møne og tak. Hovudbygningen til høgre, med tilbygg på nord. Her var tenarroma og kjøkkenet. (Teikning av Alf Næsheim).

styr eller gardsreiskaper. Det finst nemleg ei dødsbuskifteforretning etter presteparet Laurits Samuelson Lind og Margrethe Hansdotter frå Stavanger. Lind var brorson til den fyrste Lind som bygde prestegarden. Han var prest i Hå frå 1655 til han døydde i 1668. Kona døydde og det året. Skifteforretninga etter dei er trykt i Rogaland Historielag sitt årshefte for 1928 (Ætt og Heim). Når vi les gjennom denne forretninga, får vi lett inntrykk av at det må ha vore ein ufatteleg rikdom på Hå i deira tid.

Det var denne storgarden som etter Lindslekta si tid vart rekna for den eigenlege prestegarden i Hå.

Prestegardstida på Hå vart innleia med den lange prestetida til Peder Eriksen Leganger. I samtida vart han kalla perlepresten. Han var prest i Hå i perioden 1668-1707.

Om ettermennene hans på 1700-talet veit vi mykje meir, sidan dei både titt og ofte var innblanda i rettssaker, særleg om laksefisket i Håelva. Sjølve prestegarden veit vi ikkje så mykje meir om, anna enn at han brann ned i presten Ludvig Hermansson Schultz si tid (1706-1734). Dette skjedde natta til 18. desember 1721.

Det var truleg dei bygningane Kristen Lauritsson Lind hadde bygt ca. 1637 som brann.

- Andre prestegarden på Hå 1721-1787

Den nye prestegarden, den andre på Hå, brann i 1787. Vi har ein ganske god kjennskap til korleis desse prestegardsbygningane såg ut, men plasseringa er usikker. Her finst det to versjonar. Den eine går ut på at prestegarden låg der den såkalla Presthagen er i dag, på høgda mot havet før vegen skrånar nedover mot det nåverande tunet.

Den andre versjonen går ut på at prestegardsbygningane låg om lag der den nedrivne forpaktarbustaden låg, med andre ord bak den nåverande hovudbygningen. Prestesonen Danckert Krohn-Holm skriv mellom anna om denne plasseringa i ein artikkel (sjå litteraturlista). Det kan ha lege prestegardar båe stader. Vi veit jo frå rettsmøtet i 1655 at presten Peder Eriksson også flytte bygningane i si prestetid.

Det er bevart to rettsreferat som fortel om korleis denne andre prestegarden såg ut, ei åbotsforretning frå 1767 og ei synfaringsforretning frå like etter brannen i 1787.

Hovudbygningen og jærhuset på Hå. Jærhuset frå Håland i Varhaug vart reist på tomta der forpaktarbustaden låg før. Boksamlinga etter forfattaren Alfred Hauge får plass i stovene her. Jærhuset vert dessutan senter for litteratur og litteraturformidling, eit nytt satsingsområde for Hå gamle prestegard. (Foto Steinar Undheim.)

Målet er å presentera ei eigenprodusert utstilling årleg med tema frå lokalmiljøet. I perioden 1985-1988 var det fem slike utstillingar. To av desse - historien om «Viva frå vogge til grav» (1985) og utstillinga «Jærlandskapet forandrer seg» (1988) - var samarbeidsprosjekt med Arkeologisk Museum i Stavanger.

Hå skulestyre, Hå kulturstyre, Telemark lærarhøgskule ved formingslærarskulen samarbeidde om den store utstillinga «Inntrykk og Uttrykk», hausten 1985. Dette var ein presentasjon av eldre og nyare kunst og kulturstoff i brei forstand med tilknyting til den kristne bodskapen. Det vart laga eit omfattande undervisningsopplegg til denne utstillinga. Dei aller fleste skuleklassane i Hå nytta seg av dette.

Til markeringa av 150-års jubileet for formannskapslovane presenterte Hå kulturstyre den eigenproduserte utstillinga «Kommunen gjennom 150 år», våren 1987. Det vart også laga ulike undervisningsopplegg

Hovudbygningen og bryggjarhuset på Hå prestegard fotografert av John Landstad 6. september 1895. Ved porten til hagen står vassvogna på garden.

Jorda på Sola prestegard på Sømme er forpakta bort. Uthusbygningane frå 1870 er forlengst rivne. Det kombinerte vogn- og torvhuset stod lengst. Bygningen vart riven kring 1985, om lag samstundes med den gamle forpaktarbustaden. I dag står berre hovudbygningen att i tunet.

HØYLAND var prestegard i Høyland prestegjeld frå 1300-talet av og fram til 1961. Hovudkyrkja i prestegjeldet låg på garden. Frå 1961 av er garden forpakta av Landbruksdepartementet. Han vert nytta som veterinær forsøksgard for sau. Eit nytt laboratorium er reist i tilknyting til hovudbygningen frå 1853. Hovudbygningen er innreia til kontor. Hagen og tunet er bevart. Soknepresten i Høyland bur i moderne prestebustad på prestegarden sin grunn.

SØRBØ var prestegard i Klepp prestegjeld frå ca. 1620 av og fram til 1962. Dei opphavelege prestegardsbygningane brann i 1793. Den nyreiste hovudbygningen var av same type og størrelse som hovudbygningen på Hå prestegard.

Utstillingar på Hå 1983–1988

Til den offisielle opninga av Hå gamle prestegard 8. april 1983:

Naturvern:	Presentasjon av verneplanen for jærstrendene. Permanent informasjonsutstilling. Arrangør: Fylkesmannen i Rogaland.
Historie:	Hå prestegard. Presentasjon av gards- og bygningshistoria. Arrangør: Hå kulturstyre.
Bygningshistorie:	Restaureringa av hovudbygningen fram til april 1983. Arrangør: Hå kulturstyre.
Biletkunst:	«Samspel mellom kunst og skule». Arrangør: Hå skulestyre og Hå kulturstyre.

* * *

Biletkunst:	Bildende kunstneres forening, avd. Rogaland. Utstillingsperiode: 19. juni – 28. august. Arrangør: Rogaland Kunstnarsenter i samarbeid med Hå kulturstyre.
Botanikk:	«Alikkavatn og tonglatare» – nyttevekstar på Jæren. Utstillingsperiode: 2. september – 16. oktober. Arrangør: Hå skulestyre og Hå kulturstyre.
Biletkunst:	«Jærmaleriet – frå landskap til visjon». Utstillingsperiode: 21. oktober – 6. november. Arrangør: Hå kulturstyre i samarbeid med Universitetsforlaget i samband med presentasjon av boka Jærmaleriet – fra landskap til visjon (U-forlaget 1983).
Kunsthandverk:	Norske kunsthåndverkeres forening, avd. Rogaland. Utstillingsperiode: 12.–27. november. Arrangør: Foreninga i samarbeid med Hå kulturstyre.
Biletkunst:	Gunnar Torvund, skulptur. Utstillingsperiode: 3. desember 1983 – 29. februar 1984. Arrangør: Hå kulturstyre.

1984:

Historie:	«Gard på kvar hod'l» – busetnadsutviklinga på Jæren. Utstillingsperiode: 9. mars – 20. mai. Arrangør: Hå skulestyre og Hå kulturstyre.



Ein Stavangerfamilie på tur til Hå prestegard sommaren 1918.
(Frå Georg T. Monsen si fotosamling ved Byarkivet i Stavanger).

HÅ var prestebustad frå ca. 1637 av og prestegard frå ca. 1668 av for Hå (tidlegare Bø) prestegjeld. Garden vart seld til private i 1921. Den opphavelege prestegardsjorda utgjer i dag tre gardsbruk. I 1978 kjøpte Hå kommune sjølve prestegardstunet med den gamle hovudbygningen frå 1787.

Frå 1919 av har soknepresten i Hå budd i den nye prestegarden på Skjærpe, ved sida av hovudkyrkja i prestegjeldet. Uthusbygningane her er rivne i dag.

Hovudbygningen på Hå prestegard er dermed den eldste prestebustaden som er bevart i Jæren prosti. Saman med hovudbygningen på Lund prestegard i Dalane prosti er han og den einaste prestebustaden frå 1700-talet som er bevart i Stavanger bispedømme.

Litteratur om Hå i prestegardstida

Dahl, Jenny: Prestegårdsminner fra Velfjorden, Hemne og Hå (Hå 1907–1915).
Artikkelen står i boka: Prestegårdsliv.
Minner fra norske prestegårder.
Tredje samling. Forlaget Land og Kirke 1968.
Utdrag av denne artikkelen er trykt i Stavanger Aftenblad 23. desember 1982.

Edland, Torgeir: Gards- og ættesoga for Haa, band I, Nærbø (1971).

Fidjestøl, Alfred: De eldste kirker i Hå. Artikkelen er ei kort utskrift frå kallsboka for Hå prestegjeld frå ca. 1843. Årbok for Jæren og Dalande 1954.

Grude, Nicolai: Av Haaprestens dagbok. Utdrag av Christian Juell Sandbergs opptegnelser (1830–1831). Årbok for Jæren og Dalane 1955.

Haaland, R. A.: Jæderlegter. Artikkelen inneheld avskrift av dødsbuskifteforretninga etter Håpresten Laurits Samuelson Lind og kona Margrethe Hansdotter 1668. Rogaland Historielag sitt årshefte 1928.

Krohn-Holm, Danckert: Familien Holm på Hå prestegård. Artikkelen står i boka: Prestegårdsliv. Miner fra norske prestegårder. Annen samling. Forlaget Land og Kirke 1967. Artikkelen er og trykt i Stavanger Aftenblad 25. og 26. mai 1977. Utdrag av artikkelen er trykt i same avis 23. desember 1982.

Krohn-Holm, Danckert: Hå-minner fra 1890-årene. Årboka: Frå bygd og by i Rogaland 1968.

Liset, Ruth, f. Ohnstad: Barndomsminner fra Hå gamle prestegård. Artikkel i Stavanger Aftenblad 28. februar 1978.

Moe, Albert: Hå gamle prestegard. Semesteroppgåve i samfunnsfag ved Stavanger lærarhøgskule, 1978.

Risa, Lisabet (red): John Landstad. Prestegardsminne frå Hå i 1890-åra (Hå kommune ved kulturetaten 1986).

Hovudbygningen på Hå våren 1980. Slik såg bygningen ut før restaureringa. Matjorda i vestre hagen (framgrunnen) vart fjerna i 1977 då grunnarbeida til det nye våningshuset på garden tok til her. (Foto Arkeologisk Museum i Stavanger.)

Fundamentet under huset vart utbetra. Av utvendig arbeid var det nå berre pipene att. Huset hadde fire piper etter ombygginga i 1849/1850. Alle gjekk opp i mønet. Pipene vart delvis murt opp att. To av dei vart isolerte og kopla til dei to vedomnane i stova og storstova. Det litt skeive preget huset hadde fått med alderen, ynskte ein å halda på. Det utvendige arbeidet vart så avslutta ved at bygningen vart måla i antikk-kvit farge. Dei to inngangsdørene fekk blåfarge.

Det innvendige arbeidet strekte seg over om lag tre meir og mindre samanhengande år. Arbeidet var både vanskeleg og tidkrevjande. Det var mellom anna vanskeleg å koma fram til ein restaureringsmåte som ville tilfredsstilla dei planane ein hadde for bruken av hovudbygningen og av det gamle prestegardstunet i det heile.

Hovudbygningen vart først målt opp innvendig. Alle bygningsdetaljar vart registrerte og fotograferte, mellom anna alle overflatebehandlingane av veggene, slik dei kom for ein dag i lag etter lag. Ein reingjorde alle

I 1849 vart det bygt nytt fjos igjen. Det stod på same staden som det gamle og det nåverande frå 1899. Eigenleg vart det ikkje bygt fullstendig nye fjos i 1849 og i 1899. Det som skjedde desse åra var truleg heller grundige ombyggingar.

Den gamle løa vart delvis riven då fjoset vart ombygt i 1899, likeeins stallen i den gamle uthusbygningen av stein. Det ny- eller ombygde fjoset vart nemleg ein god del lengre enn det gamle. Det vart difor bygt inn i både løa i aust og uthusbygningen i stein i vest.

I 1927 stod det nåverande stall/saue- og grishuset ferdig. Då reiv ein resten av den gamle saue-, gris- og torvhusbygningen i stein.

Dei bygningane som står på garden i dag, er dermed hovudbygningen frå 1787 med eit tilbygg frå 1849–1850, fjoset frå 1899 med vinkelbygning i aust som er den gamle løa og det kombinerte stall/saue- og grishuset frå 1927 i vest.

◁ *Rekonstruksjonsskisse av prestegarden 1858. Fjoset mot nord er både om- og påbygt og torvhuset i vest er bygt saman med stallen, saue- og grishuset. I 1840-åra vart det bygt både vognhus og nytt bryggjarhus i tunet.*
I bakgrunnen forpaktarbustaden frå 1834. Hovudbygningen vart forlenga mot nord i 1849/1850. Då reiv ein det gamle tilbygget her. (Teikning av Alf Næsheim).

Den nyrestaurerte hovudbygningen vart offisielt opna 8. april 1983. Fjoset, stallen og brunnhuset i den eldste driftsbygningen vart tekne i bruk til utstillingsføremål 17. juni 1984. Også løa var då delvis sett i stand, men ho var ikkje isolert innvendig.

Hausten 1984 gjorde kommunestyret tre nye vedtak om Hå gamle prestegard. Prøvedriftsperioden og koordinatorengasjementet vart forlenga til 1. august 1985, og engasjementet vart omgjort til heil stilling. Dessutan gjorde ein vedtak om å flytja eit gamalt jærhus frå Håland i Varhaug og setja dette opp der forpaktarbustaden låg før. Kommunen hadde fått tilbod om kjøp av huset for ein rimeleg sum, då det elles skulle rivast.

Jærhuset vart reist på Håland, gnr. 64, bnr. 11, i 1859. Våren 1985 vart det løyst frå dei gamle grunnmurane og frakta med tilhengarbil ned til Hå. Hausten 1984 tok ein til med grunnarbeida til jærhuset på tomta der forpaktarbustaden stod fram til i 1950-åra. Under grunnarbeida kom restane av ein steinalderbuplass for ein dag. Arkeologane sikra funnstaden og kunne slå fast at dette var ein særs godt bevart buplass.

Opphaveleg hadde ein mellom anna tenkt seg kjellaren som god magasinplass. Funnet av steinalderbuplassen endra desse planane. Når kjellaren er ferdig innreia, vert han permanent utstillingsstad for ei fornminneutstilling laga av Arkeologisk Museum i Stavanger. Museet vil presentera dei rike fornminnefunna på Jæren. Her står og landskapet på Hå i ei særstilling. Målet er at denne utstillinga skal opnast i 1990.

Sjølve jærhuset vart ferdig restaurert og opna for publikum som «litteraturhus», hausten 1987. Av bygningane i tunet er løedelen av den gamle driftsbygningen ikkje ferdig restaurert enno, og det er ikkje teke endeleg stilling til bruken av denne delen. Det er heller ikkje teke endeleg stilling til korleis den nye driftsbygningen frå 1927 eventuelt skal nyttast etter 1990.

Frå 1987 vart ansvaret for drifta på Hå lagt til det nyoppretta driftsstyret for Hå gamle prestegard. Driftsstyret avløyste prosjektnemnda frå 1979.

Den første store oppgåva til det nye driftsstyret var å arbeida for betre toalett- og garderobetilhøve både for publikum og for personalet på Hå, likeeins for å skaffa magasin- og lagerplass og eit betre inngangsparti til driftsbygningen. Det melde seg tidleg etter opninga i 1983 behov for betre parkeringstilhøve på Hå, slik at tunet kunne verta fritt for bilar.

Då det var folksamt i prestegardstunet

På 1800-talet og tidlegare var Hå det vi i dag vil kalla eit pulserande sentrum. Det var alltid folk som kom til garden i ulike ærend. Dessutan var prestefamiliane med tenarskap og gjester så store i seg sjølv at det alltid var liv her.

Frå 1787 til 1919 budde det 11 ulike prestefamiliar på Hå. Familien Kastrup var her i heile 48 år.

Tek vi for oss folketeljinga frå 1801, ser vi at det på dette tidspunktet budde heile 20 personar i hovudbygningen. Forutan presteparet som då hadde fem barn buande heime, budde det to ugifte søstre og ein brorson av prestekona her, dessutan åtte tenarar (tre menn og fem kvinner) og fire pleiebarn. Det kom nok vel med at huset var stort.

På 1800-talet kom det etter kvart fleire nye familiar til Hå. Den fyrste forpaktarfamilien kom i 1833. Frå 1847 av fekk kommunen leiga ca. 46 mål jord til tomt for det fyrste skulehuset i prestegjeldet, kombinert med bustad for læraren. Det var presten som stod bak dette tiltaket. Læraren var samstundes klokkar i Nærbø. Difor vart også dette klokkargarden i sokna. Skulen og klokkargarden låg der Njærheim sitt gardsbruk er i dag. Frå 1847 av var det med andre ord både prestebarn, forpaktarbarn, lærarbarn og skulebarn på Hå. Dette merktest nok i prestegardstunet.

I 1864/1865 vart den kombinerte skulen og klokkargarden på Hå teken ned og sett opp att på Motland. I staden vart det bygt lærarbustad med eit lite gardsbruk til for læraren i Vigre og Høyland krinsar på denne tomta. I 1872 vart det skilt ut grunn til Obrestad fyr på Hå.

Ser vi på folketeljingslistene frå 1875, vil vi fort oppdaga at det ikkje var få menneske som budde på Hå, men også at alle dei vaksne og dei fleste barna var fødde andre stader. Dei kom frå alle kantar av landet. Høyr berre:

I prestebustaden budde ekteparet Landstad med åtte barn (dei fekk 14 barn i alt) og tre tenestejenter. To av dei var frå Varhaug og ei frå Stavanger. Presten sjølv var frå Kviteseid og kona frå Fredrikstad.

Frå statleg prestegard til kommunalt kultursenter

Då den norske staten skulle selja Hå prestegard i 1921, melde det seg fleire kjøparar. Skipsreiarfamilien Isachsen frå Stavanger fekk tilslaget med ein kjøpesum på heile 285.000 kr., ein svær sum på den tida. Det var laksefisket som interesserte dei nye eigarane, ikkje garden i seg sjølv. Familien tilsette gardsstyrar til å stå for den daglege drifta. Gardsstyrarfamilien budde i nordre enden av den gamle hovudbygningen. Isachsenfamilien hadde søre enden. Her budde dei når dei kom på helgebesøk, i feriar og under laksesesongen. Dei hadde tenarar med seg frå Stavanger. Eit kjøkken vart innreia på aust, i det romet som ligg rett overfor hovudinngangen. Isachsenfamilien hadde ofte gjester med frå Stavanger. Dei budde i den gamle lærarbustaden på Hovdestykket som elles stod tom, eller i forpaktarbustaden. Leigde laksekarar heldt også til her.

I ein femtenårsperiode var Hå gamle prestegard ferieplass for velståande stavangerfolk med den bykulturen dei representerte. På midten av 1930-talet fekk Isachsenfamilien økonomiske vanskar med skipsreiarverksemda. Kreditorane tok til slutt Hå gamle prestegard som pant. Garden vart seld på tvangsauksjon i 1935. Den første kjøparen hadde garden kring to år før han vart seld att i 1937. Nå var det ein gardbrukar frå Nærbø som fekk garden for kjøpesummen 97.500 kr. I 1938 og 1948 vart to bureisingsbruk utskilde frå hovudbruket.

Hovudbygningen på den gamle prestegarden vart freda etter lov av 3. desember 1920. Både Isachsenfamilien og seinare eigarar prøvde å halda den gamle bygningen i god stand. Fredinga av huset vart likevel følt som ei stadig tyngre bør etter som åra gjekk. I 1945 tok den dåverande eigaren kontakt med Riksantikvaren og opplyste at han ikkje kunne bera kostnadane ved eit skikkeleg vedlikehald av bygningen åleine. Ei synfaringsforretning på staden ei tid etter resulterte i eit kostnadsoverslag for ei grundig istandsetjing. Dette var så høgt at eigaren ikkje såg seg i stand til å bera slike store utgifter. Han bad difor om at bygningen måtte løysast frå fredingsvedtaket. Dette skjedde i 1946.

Det var mange rundt matbordet på Hå, men inntektene kom frå fleire kjelder

Etter 1833 skulle to familiar leva av prestegardsjorda. Dette var ikkje vanskeleg. Prestegarden var truleg det største gardsbruket i prestegjeldet.

Det er bevart fleire oversyn over kor mange dyr det var på garden og kva ein dyrka her. Det eldste oversynet skriv seg frå 1668. Frå då av og framover kan vi fylgja garden si utvikling på dette området:

1668-matrikkelen:	Husdyr:	18 kyr og 2 hestar
	Utsæd:	16 tønner korn
1723-matrikkelen:	Husdyr:	14 kyr, 5 hestar og 50 sauer
	Utsæd:	14 tønner korn. Avling: 120 tønner korn
Taloppgåver frå 1845–1848 etter Jens Kraft:	Husdyr:	20 kyr, 4 hestar og 40 sauer
	Utsæd:	Ca. 12 tønner korn og 10–12 tønner poteter i året
Kyrkje- og Undervisningsdepartementet sitt prestegardsoversyn frå 1860:	Husdyr:	18 kyr, 5 hestar og 70 sauer
	Avling:	5 tønner rug, 30 tønner bygg, 60 tønner havre og 45 tønner poteter
	Areal:	240 mål åker og eng, 400 mål utmark
1875-folketeljinga:	Husdyr:	12 kyr, 3 ungdyr, 5 hestar, 90 sauer og 2 griser
	Utsæd:	1 tønne rug, 3 tønner bygg, 10 tønner havre, 1 tønne havre til grønfor, 40 pund grasfrø, 12 tønner poteter og 3 mål turnips.

Desse taloppgåvene fortel at Hå prestegard var eit stort gardsbruk. Taloppgåvene frå 1875 vitnar dessutan om at gardsbruket hadde ein allsidig produksjon. Vi veit at Hå var eit mønsterbruk på denne tida. Bak denne allsidige drifta stod den dyktige forpaktaren Martin Edland.

Prestane hadde ikkje noko med den daglege gardsdrifta å gjera etter at forpaktarane kom til Hå. Forpaktarane hadde likevel ikkje frie hender. Det er bevart ein omfattande forpaktingskontrakt frå 1872 mellom soknepresten Landstad og Martin Edland. (Sjå gards- og ættesoga for Nærbø,

«De vare forsamlede paa Haae Præstegaard . . »

- I eldre tid var Hå den faste møtestaden i prestegjeldet

På 1800-talet og tidlegare eksisterte det ikkje bank- eller posttilvisingar. Alle dei ulike inntektene presten skulle ha, måtte folk sjølv bringa til Hå. Difor var det ikkje få personar som kvart år kom til prestekontoret i slike ærend. Det må ha vore ein jamn trafikk av folk i tunet.

Ved sida av presteoppgåvene, fekk presten etterkvart fleire oppgåver som statstenestemann på det timelege området. Dette hadde samanheng med at presten før 1850 var ein av dei få personane på landsbygda som både var skrive- og lesekunnig. Presten fungerte til dømes som folkeregister, og han hadde ansvaret for å setja opp listene og samla inn opplysningane når det var folketeljingar. Han sette og opp dei årlege skattelistene til den lokale skule- og fattigskatten og lister over militære mannskap. Han hadde vidare ansvaret for at alle barna i prestegjeldet vart vaksinerte. Alle desse oppgåvene til presten førte til at Hå vart eit administrasjonssentrum. Folk måtte og koma til Hå når dei ynskte presten til kyrkjelege handlingar eller i soknebod. Det var jo ikkje telefon i dei dagar.

Det kom og folk til Hå i heilt andre ærend. Prestegarden var saman med dei to lensmannsgardane Hobberstad og Hårr kommunale sentra i Hå kommune gjennom heile 1800-talet. Presten var den leiande politikaren for alt som hadde med skulen og sosiale saker å gjera. Fram til den nye skuleloven kom i 1889, var han alltid formann i skulestyret. Han var likeeins formann i fattigstyret. Den kommunale skule- og sosialpolitikken vart difor administrert frå prestegarden.

Presten var og den fremste kulturpolitikaren. Det var til dømes Kastrup som stifta Hå leseselskap i 1799. Dette var det fyrste biblioteket i prestegjeldet.

I 1831 stifta presten Hå sokneselskap. Dette selskapet skulle arbeida for å leggja tilhøva til rettes for dei som ville prøva seg på meir moderne jordbruksdrift. I tillegg skulle dette selskapet føra vidare oppgåvene til leseselskapet.

Laksefisket i Håelva må ha hatt mest å seia. I dei gamle rettsprotokollane frå 1600- og 1700-talet ser vi at prestane var partar i mange rettssaker om dette fisket.

På slutten av 1800-talet leigde prestane ut deira del av laksefisket i Håelva til engelskmenn. Dei var årvisse gjester i sommarvillaen på den andre sida av elva.

Dei siste prestane som budde på Hå, tilsette to menn til å ta seg av laksefisket i sjøen og Håvågen om sommaren. År om anna kunne dette fisket gje gode inntekter.

Vel så viktig for det daglege hushaldet var det rike aurefisket i Håvågen og i sjøen. Dette dreiv prestebarna gjerne sjølv om sommaren.

Perlefisket i Håelva var ikkje noka stor inntektskjelde i nyare tid. Kongen hadde forkjøpsrett til all perlefangst i Kristiansand stift i perioden 1665–1791. Sjølv om Peder Eriksen Leganger (1668–1707) vart kalla perlepresten på Hå, hadde han truleg ikkje så store inntekter av perlefangsten. På 1800-talet var i alle fall perlefangsten meir ein spanande sport for barna og besøkjande på prestegarden enn noka inntektskjelde for presten.

Inntekter frå brenning av tang og tare spela ei viss rolle tidleg på 1900-talet, men det var forpaktaren som dreiv dette arbeidet. Kvart einaste år dreiv det inn tømmerstokkar og anna trevyrkje i stranda. Drivgodset kom frå skip i Nordsjøen når dekkslaster sleit seg i uver. Etter at prestegarden vart forpakta bort, fekk vanlegvis forpaktarane halvparten av inntektene frå salet av drivgodset mot at dei heldt oppsyn med og samla dette inn langs stranda. Godt tømmer var mangelvare på Jæren. Difor kunne det verta ein fin pengesum av det når presten kunne selja drivtømmer på auksjon.

Presten hadde likevel behov for fleire pengeinntekter enn dei garden med alle sine rettar og «herligheder» kunne gje han.

Han skulle som alle andre betala årlege skattar og avgifter til staten. Var det ein ung prest, hadde han kanskje teke opp eit «etableringslån» i samband med flyttinga til Hå. I tillegg til reine flytjeutgifter skulle han betala biskopen for kallsbrevet, dessutan kjøpa inn buskap og reiskapar om prestegarden ikkje var forpakta bort. Alle tenarane og guvernantene (privatlærarane til barna) skulle ha løn. Frå barna var ca. 14 år gamle vart dei sende til Stavanger for å ta middelskulen og gymnaset. Dermed måtte dei siste prestane på Hå betala for eit eige hushald i Stavanger og.

Fjoset og løa på prestegarden fotografert av John Landstad 6. september 1895. Dette biletet og det på side 9 er dei einaste vi har, som viser det gamle fjoset før ombygginga i 1899.

«Paa skole» har fotografen, John Landstad, kalla dette biletet frå skuleromet på prestegarden (storstova), teke 11. september 1896. Det er prestedottera Cecilie Holm som underviser dei to minste brørne sine, Danckert og Theodor, medan søstera Mathilde syr. Cecilie gifta seg med John Landstad i 1907.

Vedlikehaldet av alle prestegardsbygningane var og ein stor utgiftspost. Denne utgiftsposten vart ikkje mindre etter som åra gjekk.

Av dei årlege, visse inntektene var det nok tienda frå alle gardbrukarane, høgtidsofferet 1. jule-, påske- og pinsedag og dei årlege leigeinntektene frå det geistlege jordegodset som hadde mest å seia. I Hå prestegjeld er det 83 namnegardar. Ulike kyrkjer og geistlege embete åtte heile 31 av desse gardane. Hå sokneprestembete åtte 11 namnegardar og bruksdelar i 9 namnegardar i prestegjeldet. Dessutan åtte og Hå sokneprestembete gardar i andre prestegjeld. Desse gardane og gardsbruka gav årlege leigeinntekter til presten. I perioden 1840–1860 selde staten dei aller fleste av desse gardane til oppsitjarane. Dermed mista presten denne inntektskjelda.

Dei mange uvisse inntektene varierte frå år til år, og det var vanskeleg å få desse inntektene inn, særleg om det var dårlege år innan landbruket, eller når fattige folk skulle betala. Presten skulle nemleg ha sportlar eller gåver ved alle kyrkjelege handlingar, enten det nå var ekteskapslysingar, brurevigsler, dåp, introduksjon av mødre, likpreiker eller jordpåkastingar. Konfirmantane skulle og gje presten ei gåve. Ennå lever det folk som har reist til Hå med smør som konfirmantgåve til presten. Prestane skulle og ha ein fast pengesum for å skriva ut attestar.

Frå 1897 av vart presten meir ein statleg lønsmottakar med ein gard i tillegg. Ofte var det slik at garden meir var til byrde for presten. Slik var det i Hå. Dei gamle prestegardsbygningane kravde stadig meir vedlikehald. Prestegardssalet tvang seg difor fram av seg sjølv.

Prestegarden sett frå nordvest, med det nye fjoset frå 1899. Biletet er teke før 1927. Då vart dei gamle uthusbygningane i stein rivne.
(Eigar Grethe Aanestad.)

kapitlet om Hå prestegard.) Kontrakten inneheld detaljopplysningar om korleis tilhøvet mellom presten og forpaktaren skulle regulerast med omsyn til gardsdrifta. Presten hadde mellom anna rett til å ha 1 hest, 10 sauer og 1 ku som forpaktaren skulle stella for han. Forpaktaren skulle og skaffa presten all den torva han hadde behov for til oppvarming av prestebustaden. Det var heile 11 omnar i den store bygningen. Difor var det store mengder torv forpaktaren måtte kjøra heim frå Søylandsmyrane kvar vår.

Forpaktaren skulle og låna presten dei hestane han måtte ha bruk for. Den årlege forpaktningsavgifta vart betalt med jordbruksprodukt.

Prestegarden gav med andre ord prestefamilien det meste av den maten dei trong. Men presten hadde mange andre inntektskjelder, både i naturalia og pengar. I tillegg til torvmyrane på Søyland hadde og presten to utslåttar på Våland som låg til prestegarden. Desse gav årleg frå 12 til 14 vinterlass høy.

Rett utafor stovedøra fanst det muslingar og laks i Håelva, laks og anna fisk i sjøen og tang, tare og vrakgods langs stranda. Ingen av desse naturkjeldene gav likevel årvisse, faste inntekter for presten.

«Francaice paa stranden», kalla fotografen, John Landstad, dette uvanlege biletet frå juli 1894. Prestefamilien med gjester hadde selskap på stranda. Kona til presten Jonas Dahl (til venstre) spela fiolin til dansen. Dette biletet fortel ikkje minst om breidda i dei ulike kulturaktivitetane på Hå då prestane budde her.
Den vesle båten til høgre var ein samanleggbar seildukskajakk som John Landstad hadde konstruert sjølv, og som han reiste med mellom Egersund og Stavanger i juli 1894. På denne turen tok han mange fine bilete frå Hå. Dette er dei eldste bileta som er bevarte frå den gamle prestegarden.

Det var likeeins prestane som frå midten av 1800-talet av arbeidde for å stifta dei fyrste misjonsforeningane i dei to soknene.

Hå prestegard vart såleis den faste møtestaden i prestegjeldet både på det kyrkjelege, politiske og kulturelle området. I tillegg var prestegarden eit administrasjonssentrum for presten som statstenestemann.

Igjen har Hå prestegard vorte ein møtestad, men nå på det kulturelle området. Dermed går det her ein tråd tilbake til prestetida på Hå og til det kulturelle livet som då utfalda seg i prestegardstunet.

Forpaktarbustaden frå 1834. Biletet er truleg teke i 1920-åra. (Eigar Grethe Aanestad).

I forpaktarbustaden budde ekteparet Edland, båe frå Gjesdal. Dei hadde ei lita pleiedotter frå Stavanger, tre tenestejenter og tre drenger. Desse kom frå Gjesdal, Time, Nærbø og Varhaug.

I lærarbustaden budde ekteparet Hovde, han frå Talgje og ho frå Finnøy. Dei hadde på dette tidspunktet to småbarn og ei tenestejente frå Finnøy.

På fyret budde ekteparet Nicolaysen, han frå Hønefoss og ho frå Kristiania. Dei hadde ein tenestekar og ei tenestejente, båe frå Varhaug.

I tillegg kom alle besøkjande på prestegarden, slektningar av presteparet, kollegaer av presten, studiekameratar av prestebarna med vidare.

Miljøet skifta også stadig. Familiar flytte og nye kom til, enten det nå var i prestebustaden, forpaktarbustaden eller på fyret. 1900-folketeljinga fortel til dømes at det forlengst var nye familiar i alle hus, med unntak av i lærarbustaden. Ekteparet Hovde vart verande på Hå.

Det var med andre ord eit nasjonalt miljø på Hå i eldre tid.

Den fjerde og siste av dei private eigarfamiliane på Hå kjøpte ein del av jordvegen og det gamle tunet i 1948. I løpet av 1950-åra vart både bryggjarhuset og den gamle forpaktarbustaden rivne. Den nye eigaren hadde og planar om å byggja nytt våningshus. Difor vart det berre gjort mindre endringar på den gamle hovudbygningen. Han fekk mellom anna nye vindaugo.

I juli 1977 gav Hå bygningsråd byggjeløyve til nytt våningshus på Hå gamle prestegard. Deretter tok grunnarbeida til i den vestre hagen, rett framfor den gamle hovudbygningen. Det var nå det gjekk opp for mange at den gamle prestebustaden måtte reddast. Dei lokale politikarane handla raskt. I løpet av hausten 1977 nedsette kommunestyret ei nemnd som skulle forhandla med eigaren om sal av det gamle tunet og om flytting av gardstunet hans. Samstundes var det fleire bygningstekniske synfaringar på garden. Konklusjonen var at både taket og tømmerkonstruksjonane på hovudbygningen var i overraskande god stand.

Hå kommunestyre gjorde det formelle vedtaket om kjøp av det gamle prestegardstunet 10. november 1977. Handelen omfatta hovudbygningen, dei to driftsbygningane og ca. 8 mål jord kring tunet. Seljaren skulle byggja nytt våningshus og driftsbygning rett sør for det gamle tunet. Han skulle ha rett til å nytta den nyaste av dei to driftsbygningane fram til 1990 og til å bu i hovudbygningen til det nye våningshuset stod ferdig. Kjøpekontrakten mellom kommunen og den siste private eigaren av det gamle prestegardstunet vart så underskriven i juli og august 1978.

I desember 1978 engasjerte kommunen arkitekt Per Line som ansvarleg leiar av restaureringsarbeidet. Hå gamle prestegard vart heretter det offisielle namnet på staden. Ansvaret for den daglege drifta vart lagt til kulturstyret med kulturkontoret som administrativt organ. I februar 1979 nedsette kulturstyret ei nemnd som saman med arkitekten skulle utarbeida prinsipp for restaureringsarbeidet og for bruken av anlegget.

Restaureringsarbeidet på hovudbygningen tok til i oktober 1979. Frå 1. august 1982 engasjerte kulturstyret i samarbeid med skulestyret ein koordinator i halv stilling til den daglege drifta under restaureringsarbeida og til å førebu dei første utstillingane etter opninga våren 1983.

Hausten 1982 gjorde kommunestyret vedtak om å løyva fleire midlar til arbeidet på hovudbygningen og til sikring av den eldste driftsbygningen. Om dette siste var det delte meiningar. Mange såg helst at driftsbygningen vart riven. Dei mente det var nok å løyva pengar til hovudbygningen.

«Eftermiddagshvil» har fotografen, John Landstad, kalla dette biletet av presteparet Holm i daglegstova 9. september 1896. I bakgrunnen den opne døra inn til prestekontoret. Dette romet er i dag ein del av stova.

I dag har det skjedd store endringar på loftet. Dette var opphaveleg uinnreia. Kastrup sette straks i gang med innreiingsarbeid då han vart sokneprest i 1796. Han laga eit kammer i søre brystet, likeeins delte han av loftet i fleire smårom (boder) for oppbevaring av tekstilar, ull, mat- og kornvarer og diverse reiskapar.

Korleis fungerte så dette store huset for dei barnerike og gjesterike prestefamiliane som budde her?

Dei prestebarna som har skildra barndomsåra på Hå, har mange interessante opplysningar om dette. Vel var huset spanande å utforska for småbarn sommarstid, og plass var det nok av. For dei vaksne var nok kvardagen heller strevsam. Dei skulle syta for oppvarming av trekkfulle rom og halda regnvatnet borte frå gisne vindaugo og utette tak.

Det var nok ikkje utan grunn at alle skjønnsmennene under eit åbotsskjønn i 1916 samrøystes erklærte hovudbygningen for kassabel.

Likevel står hovudbygningen ennå, over 70 år etter, og han er i betre stand nå enn nokon gong før i si over to hundreårige historie.



Det gamle jærhuset frå Håland i Varhaug på veg mot Hå gamle prestegard, våren 1985. På Hå vart det trygt plassert på nye kjellarmurar. Sommaren 1987 var huset ferdig restaurert. I den nye kjellaren skal Arkeologisk Museum i Stavanger laga ei permanent fornminneutstilling. (Foto Steinar Undheim.)

Planane for eit tilbygg ved det noverande inngangspartiet til fjoset, og planane for utbygging av parkeringsplassen fekk kommunal godkjenning i desember 1988. Både tilbygget og parkeringsplassen skal vera ferdig i løpet av 1990.

Då kommunen kjøpte prestegardstunet i 1978, la ein ikkje fram konkrete planar for den framtidige bruken. Ein ynskte at staden skulle verta eit kultursenter som skulle engasjera lokalsamfunnet, både som utstillingsstad, som ekskursjonsmål for skulane, og som samlingsstad for private lag og organisasjonar.

Til denne tid har prestegarden fungert over all forventning på desse områda. Den omfattande aktiviteten på Hå har likevel ført til store utgifter til vakt- og reinhald, til omvisarar og til annonsar i den lokale pressa. Matsalet i helgene tek Nærbø bygdeungdomslag seg av, mot å få salsinntektene. Til ytre vedlikehaldsarbeid på anlegget har ein nytta både leigd personale frå den tekniske etaten i kommunen og personar på

Slik såg hovudbygningen ut innvendig

Ved restaureringa av hovudbygningen har det skjedd ein del mindre endringar i romplanen. Tek vi med romplanen her i heftet når vi vandrar rundt i huset i dag, vil vi sjå at soveromet i sør, «frøkenværelset», har gått inn i storstova. Det har og kome ein ny loftsoppgang her.

Veggen mellom kontoret og stova er fjerna. Dermed har den gamle daglegstova vorte til eit større forsamlingslokale. Frå kjøkkenet er det delt av eit mindre rom. Her er den gamle loftsoppgangen. Det nye tilbygget på nord, bryggjarhuset eller vaskhuset, er fjerna.

Romplanen er elles den same i fyrste etasje som etter 1849–1850. Ja, dei fleste roma har hatt dei same oppgåvene like sidan huset vart bygt. Gangen er den same. Etter 1787 gjekk trappa opp til loftet frå gangen. I austre enden av gangen var det delt frå eit spiskammer. Denne delen vart i nyare tid nytta som soverom. Ved siste århundreskiftet vart dette soverommet kalla «det blå værelse». Daglegstova til venstre for gangen har alltid vore den same. Kontoret mot nord var derimot barnerom før hovudbygningen vart påbygt i 1849–1850. Spisestova var i den fyrste tida soverom for barnejentene. Det vart kalla jomfrukammeret. Soverommet innafor spisestova vart ved siste århundreskiftet kalla «det røde værelse». Det opphavelege kjøkkenet låg her. Kastrup flytte alt i slutten av 1790-åra kjøkkenet ut i tilbygget på nord. Han ominnreia bryggjarhuset her til kjøkken. Skorsteinen og muren i kjøkkenet i hovudbygningen var skada og til nedfalls, opplyste han alt i 1796. Dette romet fekk difor ikkje nokon lang tradisjon som kjøkken.

Storstova har alltid lege på sørsida av gangen, likeeins tre såkalla kammer. Det romet som har namnet prostekammeret, var det opphavelege studerkammeret eller kontoret til presten. Bisperomet i sør var gjesterom. Her overnatta biskopen når han var på visitas. Det vesle romet heilt i sørvest, «frøkenværelset», tente og som soverom.

Etter at hovudbygningen vart påbygd, fekk han nytt kjøkken med spiskammer til og nytt rom for tenestejentene. Det gamle «pikeværelset» vart spisestove.

Restaureringa av prestegardsanlegget

Prosjektnemnda for Hå gamle prestegard, oppnemnd av kulturstyret i februar 1979, kom saman med arkitekt Per Line fram til desse prinsippa for restaureringsarbeidet og for bruken av anlegget (sitat):

1. Hå gamle prestegård skal bli et levende og dynamisk kulturminnesenter/kultursenter for kommunen.
   Anlegget skal i størst mulig grad presentere seg som en pietetsfull gjenskapning av det gamle tunanlegget.
   Rehabiliteringen av bygningen skal skje i tråd med hevdvunne såvel som progressive restaureringsprinsipp.
   Kulturminnesenteret/kultursenteret skal henvende seg til et stort antall brukergrupper. Anlegget skal inngå i en større enhet med omgivelsene (stikkord blir fornminner, landskap og økokvaliteter).
2. Restaureringsarbeidene og fullføringen av tunet skal skje i etapper, dvs. kommunen gir årlige bevilgninger i den størrelsesorden man finner det riktig å utvikle anlegget.
3. Anlegget gis en basis som tilsier følgende arbeider:
   a) Sikring av bygningene
   b) Tilrettelegging av adkomst og parkering for biler
   c) Mulighet for lagring av større museumsgjenstander (i eldste driftsbygning)
   d) Inngjerding av tunet

Det hasta mest med å sikra hovudbygningen. Denne bygningen skulle difor setjast i stand først. Etter om lag eit år med planlegging, tok arbeidet til i oktober 1979. Utvendig skulle bygningen førast tilbake til slik han såg ut etter ombygginga i 1849/1850. Tilbygget på nord, bryggjarhuset eller vaskhuset, måtte difor rivast.

Heile taket vart først lagt om. Ein skifta det meste av sutaket og ein del sperr og åsar. Taket vart fora opp og isolert med 10 cm tjukk mineralull, vindtette plater og utlufting. Gamle, handlaga teglpanner vart deretter lagt tilbake og sikra mot den harde vinden.

Alle veggene vart isolerte utvendig med 7,5 cm tjukk mineralull og papp. Veggene fekk deretter ny, liggjande kledning. Borda var spesiallaga saman med det utvendige listverket. Dei to inngangsdørene vart og spesiallaga etter modell av dei opphavelege dørene. Likeeins vart alle dei 19 nye vindaugo kopierte etter restane av originale vindaugo.

Prestegardstunet på Hå 1858



Hovudbygningen etter at den utvendige restaureringa var ferdig.
(Foto våren 1981, Terje Forseth, Bonytt.)

veggene og utbetra skader der slike fanst. Fleire av dørene og mykje av det opphavelege listverket vart erstatta med kopiar. Bygningen fekk nye golv av breie granbord. Dei vart behandla med lut og grønnsåpe.

På side 27 ser vi romplanen slik han var etter ombygginga i 1849/1850. Romplanen er i store trekk den same etter restaureringa. Eit unntak er dei to lettveggene i stovene på sørsida. Desse vart fjerna for å gje større bruksrom. Storstova fekk og trapp opp til loftet. Her vart søre delen delt av til eit eige rom som kan nyttast i samanheng med storstova nedanom. I det tidlegare spiskammeret vart det innreia tre toalett. Kjøkkenet vart og avdelt mot nord. Den gamle loftsoppgangen her kom nå i ein eigen gang. Det nye, og litt mindre kjøkkenet fekk tidsmessig innreiing.

Arkitekten prøvde seg fram med mange ulike måtar å rekonstruera interiøra på. Til slutt kom han fram til eit restaureringsprinsipp som gjekk ut på å «gjendikta» interiøra. Dei gamle tømmerveggene vart måla i full høgd. Alle rom fekk ulike fargar, men fargane som vart nytta, hadde

Det nye prestegardstunet på Hå etter 1787





Grunnplanen til fjoset frå 1899 med den gamle løa i vinkel på aust.
Oppmålingsteikning av arkitekt Per Line, sommaren 1981.

Hå prestegard - bygningshistoria

- Hå som geistleg sentrum før ca. 1668
- Fyrste prestegarden på Hå ca. 1668-1721

Vi veit at det var Kristen Lauritson Lind og kona Margrethe Pedersdotter Thrane som sette opp dei fyrste prestegardshusa på Hå for private midlar. Presteparet kom truleg til Bø prestegjeld ca. 1610. Dei flytte truleg ned til Hå ca. 1637. Det finst nemleg eit kongebrev frå 1637 som fortel at Lind fekk ha Hå som bustad for seg og kona så lenge dei levde. Etterpå kunne eit av barna bu på garden.

Det kan som nemnt vera fleire grunnar til at dei flytte ned til Hå. Dette var ein betre gard enn Bø, og han låg meir sentralt til. Flyttinga kan og ha samanheng med at Njærheim kyrkje vart ombygd eller heilt nybygd i 1620- og 1630-åra. Det vart kanskje bestemt at Njærheim skulle vera hovudkyrkja i prestegjeldet etter dette. Bø kyrkje vart nybygd i 1648-1650. Denne kyrkja brann i 1708.

Eit rettsmøte i 1655 på Hå prestegard, som han vart kalla då, inneheld mange interessante opplysningar om garden og husa der. Det var Margrethe Pedersdotter Thrane som hadde bede om dette møtet. Ho hadde nyleg vorte enkje for andre gong. Etter at Kristen Lauritsson Lind døydde ca. 1640, gifta ho seg med ettermannen hans, Peder Nilsson. Han døydde i 1655. Margrethe måtte då flytja til garden Søyland som nå vart lagt ut til enkjesete. Striden stod ikkje om sjølve flytjinga, sjølv om denne ikkje var i tråd med kongebrevet frå 1637. Nei, Margrethe ynskte å ta med seg nokre hus til Søyland, for bygningane der var til nedfalls. Ho meinte at ho kunne gjera dette, sidan ho og fyrste mannen hennar hadde bygd alle husa som fanst på prestegarden og spandert ein stor del av formuen sin på dette.

Under rettsmøtet kom det fram at i Peder Nilsson si tid på Hå vart det ikkje bygd nye hus på garden, men dei same husa var flytte og forbetra.

Retten gjekk over husa på garden. Vi får ei detaljert utgreiing om roma i hovudbygningen med talet på vindaugo i det enkelte romet, dei andre

Litteraturformidling frå jærhuset på Hå

I oktober 1985 vart forfattaren Alfred Hauge sin 70-års dag feira i den gamle prestegarden. Samstundes presenterte kunstnaren Bjørn Bjørneboe originalillustrasjonane sine til Hauge si bok «Vegen til det døde paradiset». Både Bjørneboe og Hauge kåserte om arbeidet deira i tilknyting til denne boka.

Denne spesielle markeringa vart utgangspunktet for eit nytt satsingsområde for Hå gamle prestegard, nemleg litteraturformidling. Våren 1986 gav Alfred Hauge heile boksamlinga si på kring 8 000 band som gåve til Hå kommune. Året før hadde det gamle jærhuset frå Håland i Varhaug kome til Hå. Dette vart restaurert og istandsett i løpet av 1986 og 1987. Her vil den store gåva til Alfred Hauge få plass, etter at bøkene er katalogiserte. Jærhuset vert dermed det miljømessige senteret for dette nye satsingsområdet.

Hausten 1987 vart opninga av jærhuset markert med fleire tiltak innan litteratur og litteraturformidling. Prosjektet «Litteraturformidling i Hå kommune» var i første omgang eit prøveprosjekt for perioden sept. 1987 - mai 1988, men er no etablert som fast prosjekt.

I prøveprosjektperioden vart det gjennomført heile 34 enkelttiltak og arrangement, ein del av dei i samarbeid med skuleetaten i Hå, dei opne arrangementa i samarbeid med Hå folkeakademi.

Forfattarane vert presenterte med eigne månadsprogram (månadens forfattar). Prestegarden vert og nytta til litteraturseminar og konferansar.

Målet er å gje bøker og boklesing ein sentral plass i kultur-, skule- og fritidstilbodet i kommunen. Kulturetaten i Hå er ansvarleg for prosjektet i nært samarbeid med skuleetaten, og med driftsstyret for Hå gamle prestegard som styre. Hå folkebibliotek står for gjennomføringa av prosjektet i samarbeid med skulebiblioteket i Hå.

Visekveldar og vennelag - andre populære tiltak på Hå

Frå 1985 har det aktive bygdeungdomslaget i Nærbø hatt kring åtte årlege visekveldar på Hå, frå 1986 også eigen visefestival kvar sommar. Til desse populære arrangementa har bygdeungdomslaget fått landskjende visekunstnarar.

til denne utstillinga. Kring 200 skuleklassar frå heile Sør-Rogaland såg denne kommunejubileumsutstillinga.

Utstillinga «Helse - Kultur» (des. 1988 - jan. 1989) står i ei særstilling i denne samanhengen. Denne var eit samarbeidsprosjekt mellom helseinstitusjonar i fylket og ulike kunstnarar. Målet var å visa kva den offentlege helsesektoren og kultur i vid forstand kan tilby einskildmennesket. Dette vart ei utstilling der dei mange og ulike arrangementa knytt til temaet helse og kultur spela ei like så viktig rolle som presentasjonen av biletkunst (tema: Livets runddans) og aktuell litteratur.

Røynslene etter seks års drift på dette området er at dei sjølvproduserte utstillingane krev store økonomiske ressursar. Det er likevel ikkje ynskjeleg å gje opp målet med årlege utstillingar med tema frå nærmiljøet. Det er viktig at Hå ikkje berre presenterer reine kunstutstillingar.

Frå opninga i 1983 og fram til utgangen av 1988 har det vore kring 70 ulike utstillingar på Hå, eller kring tolv utstillingar årleg. Flesteparten av desse er reine kunstutstillingar.

Frå første stund har det vore stor etterspurnad etter Hå som utstillingsstad. Landskjende kunstanarar som Karl Erik Harr, Knut Jørgensen og Frans Widerberg har stilt ut arbeida sine her, likeeins dei aller fleste av dei kjende kunstnarane med tilknyting til Rogaland.

Denne omfattande formidlinga av kunst og kunstopplevingar som har skjedd frå Hå desse siste seks åra, har vore svært verdifull for folk i heile jærregionen. Før 1983 måtte folk reisa til Stavanger om dei ville sjå kunstutstillingar. Det seier seg sjølv at dei aller færraste jærbuane gjorde dette. På dette området representerer derfor Hå ein uvurderleg viktig ressurs, sjølv om denne ikkje kan målast direkte i pengar.

Den store interessa for kunst og kunstformidling førte til at kulturetaten frå andre halvår 1987 starta grafikksal i kommisjon frå Hå. Som eit to års prøveprosjekt vart det engasjert ein person i heildagsstilling til å ta seg av denne kunstformidlinga.

Dette tiltaket er møtt med stor interesse frå kunstnarane si side. No har kring 135 kunstnarar frå heile landet arbeid for sal på Hå.

Tiltaket er ikkje minst populært hos den vel største kjøpargruppa, dei mange bedriftskunstforeningane i Rogaland. Alt året før, i 1986, arrangerte kulturetaten i samarbeid med Rogaland Bedriftskunstforeningsråd fire seminar for bedriftskunstforeningar i fylket.

bygningane på garden vert rekna opp, og det vert opplyst kor store dei var.

Retten konkluderte med at husa var velhaldne og i god stand, og at det ikkje fanst betre hus på Jæren.

Margrethe fekk med seg dei bygningane ho ynskte til Søyland: Ein stovebygning, ca. 6 meter lang, med loft på, dessutan ei lita løe som barna hennar skulle ha etterpå.

Kva andre bygningar fanst det så på garden i 1655? Rettsreferatet reknar opp desse bygningane:

- hovudbygningen
- eit sengekammer vest i gardstunet, med to sengestader og to mindre rom (boder). Dette var truleg eit stabbur.
- eit hus med like stort loft til, ca. 6 meter langt. Huset hadde gang og svaler, dessutan fleire vindaugo og dører. Det låg nord for «det store huset», hovudbygningen.
- eit stort eldhus
- ei stor løe, vel 21 meter lang. Den eine delen, ca. 6 meter, var nyleg bygd til den eldre delen.
- fjos, hestestall og sauehus. Alle desse tre bygningane låg truleg under same tak.

Hovudbygningen hadde desse roma:

- ei god daglegstove, vel 6 meter lang, med 6 vindaugo og jernomn
- eit sengekammer sør for stova, ca. 5 meter langt
- ein tømra kjellar under sengekammeret
- eit loft over sengekammeret, 9 stokkar høgt, med 2 vindaugo
- ei lita kove ved sida av sengekammeret
- eit studerkammer ved sida av stova, med 2 vindaugo
- eit anna kammer ved sida av stova, like så stort som studerkammeret og med 2 vindaugo
- ei stor gjestestove, ca. 7 meter lang og med 6 store vindaugo
- eit gjestekammer over gjestestova, like så stort og med 6 vindaugo
- eit anna loft over daglegstova, 5 meter langt og med 2 vindaugo
- eit stort kjøkken med skorstein
- eit anna lite kammer ved sida av kjøkkenet

Til å vera eit 1600-tals hus på Jæren må hovudbygningen på Hå ha vore ualminneleg stor. Vi kan berre tenkja oss korleis denne to-etasjes bygningen og alle dei andre prestegardsbygningane har ruva i jærlandskapet.

Vi er og så heldige å ha bevart eit oversyn over alt innbuet i denne prestegarden, enten det nå er smykke, klede, bøker, møblar, kjøkkenut-

Synfaringsforretninga etter brannen har denne omtalen av dei nedbrende bygningane: Hovudbygningen var 17 meter lang og 10 meter brei. I fyrste etasje var det 6 rom, eit kjøkken med silekammer, ein gang gjennom huset med trapp opp til loftet. På loftet var det to kammer i gavlane. Ved sida av hovudbygningen var det ein kjellar. Bygningen over kjellaren tente som rullebu. Dette var truleg eit tilbygg til hovudbygningen.

I tunet fanst vidare desse uthusa: Bryggjarhus med skorstein og bakaromn, høy- og kornløe, fjos og hestestall, saue- og grisehus og torvhus. Det var med andre ord fem uthusbygningar i tunet i 1787.

Forandringane var ikkje store frå 1767: Fjoset og hestestallen var nå under eitt tak, og kombinasjonen kjellarbu/hønsehus vert ikkje nemnt i 1787, heller ikkje det vesle huset ved sida av torvhuset, eller smia. Det er grunn til å tru at nettopp denne bygningen låg så pass langt frå tunet at han vart spart under brannen.

Korleis såg så den tredje prestegarden ut?

- Det nye prestegardstunet etter brannen i 1787

Den nye prestegarden kjenner vi langt betre til, sjølv om berre hovudbygningen er bevart i dag. Det finst nemleg eit rikt kjeldemateriale der vi kan få opplysningar om korleis uthusbygningane på garden opphaveleg såg ut. Sjølve prestearkivet er på det næraste fullstendig bevart. Det finst i dag på Statsarkivet i Stavanger. I prestearkivet er det fyrst og fremst dei to kallsbøkene som har opplysningar om bygningane på prestegarden. Dessutan finst det synfaringsforretningar i dei gamle rettsprotokollane til sorenskrivaren i Jæren og Dalane. Det var synfaringsforretning over dei nybygde husa i 1790. Likeeins var det ei åbotsforretning i samband med presteskiftet i 1796. Frå 1800-talet av er det bevart fleire åbotsforretningar, likeeins branntakstforretningar. Hå prestegard vart innmeldt i Norges Brannkasse i 1849. Den eldste bevarte branntakstforretninga skriv seg frå 1856. Fram til 1919 er det bevart fire ulike branntakstforretningar. Gjennom alle desse forretningane kan vi fylgja utviklinga innen bygningshistoria i detalj for heile 1800-talet.

Lat oss fyrst ta ein tur inn på prestegardstunet og sjå korleis det såg ut her i 1790:

Den nye hovudbygningen stod nå ferdig. Den var oppført av nytt furutømmer, var bordkledd og hadde fått kvit oljemåling. Taket hadde raude

Hå som kultursenter

Miljøet kring den gamle prestegarden

Både før og etter opningsdagen 8. april 1983 fekk Hå gamle prestegard ein brei og positiv omtale i den lokale pressa. Likevel var nok mange i Hå framleis skeptiske til arbeidet med å gjera den gamle prestegarden til eit kultursenter, og ikkje minst til ei vidare restaurering av driftsbygningane på staden.

Sidan april 1983 har likevel mange endra synet på den gamle prestegarden og på det vidare vernearbeidet her nede. Hå har vorte ein stad folk ikkje berre kjem til på eit eingongsbesøk. Den gamle prestegarden er nå utfartsmål og møtestad for både jærbuar og byfolk. Kvifor har dette skjedd? Dei mange utstillingane og organiserte aktivitetane dreg mange til Hå. For det store fleirtalet av publikum er andre tilbod kanskje vel så viktige. Vi kan trygt seia at folk nyttar staden på ulike måtar.

Landskapet har mykje å seia. Før kommunen kjøpte den gamle prestegarden, visste dei færraste av dei yngre innbyggjarane i Hå kor denne garden låg, og svært få hadde sett staden. I dag er dei aller fleste kjende med ein av dei vakraste stadene i kommunen. På Hå kan vi oppleva dei fleste sidene ved jærlandskapet; havet med rullesteinstranda og det rike fugle- og plantelivet her, flat-Jæren og utsynet mot innlands-Jæren. Den gamle prestegarden er såleis ein ideell stad for presentasjon av det beste ved jærnaturen.

Dette gjeld og for jærhistoria. Vi kan nemna steinalderbustaden som nyleg vart funnen i grunnen der forpaktarbustaden låg før, strandgravfeltet med omlag 60 graver frå folkevandringstida, den gamle Kongevegen, Håvågen med gamle naust, Obrestad fyr og den gamle ferievillaen på andre sida av Håelva som engelske fiskarar nytta i prestetida. Bygningane her minner om engelsk kolonistil. Dei er med på å streka under det nasjonale og internasjonale draget Hå hadde som kulturstad då prestane budde her.



Hå prestegard 1858. Akvarell av Gabriel Monsen. (Eigar Stavanger Museum).

Fjoset som stod i vinkel på hestestallen i nord, var og oppført av kampestein og jord. Det var langt mindre i grunnplan, berre 10,5 meter langt og 5,7 meter breitt.

Høy- og kornløa mot aust var meir moderne. Det var ein bindingsverksbygning, 25 meter lang og 10 meter brei.

Både løa og tilbygget i nord på hovudbygningen hadde skutar eller halvtak som dei vart kalla, for oppbevaring av reiskapar.

I 1796 døydde soknepresten Niels Grøver. Han hadde vore sjukleg lenge, og difor hadde han hatt personleg kapellan like sidan 1778. Kapellanen, Søren Michael Kastrup, vart nå sokneprest. Han døydde i 1826. Dermed er han den presten som har budd lengst på Hå. Det er og frå hans hand vi har bevart den mest solide og omfattande dokumentasjonen om prestegardshusa, sidan det er han som har ført den fyrste kallsboka frå ca. 1798 av.

Ved åbotsforretninga etter sokneprest Grøver i 1796 får vi lett inntrykk av at prestegarden låg på en verhard stad. Det var ikkje få repara-

Jærhuset ferdig restaurert. Det har fått ny kledning og nye vindaugo. I mellomstova, eller den gamle gangen, er vindauga frå tida etter 1900 skifta ut med ny vestradør.
(Foto Steinar Undheim.)

kablar. Til golvbelegg fekk dei tre roma 25×25 cm store teglfliser. Ein la og vekt på å nytta funksjonelle lyskjelder i denne bygningen. I fjoset vart elles omtrent kvar tredje søyle i midtgangen fjerna. Resten av konstruksjonane her er likevel lett synlege, og romet sin opphavelege karakter er ikkje endra. Det samla arealet på fjoset, stallen og brunnhuset er 185 m^2.

17. juni 1984 vart den eldste driftsbygningen teken i bruk som møte- og utstillingsstad. Romplanen på side 47 er likevel i store trekk den same i dag etter at driftsbygningen nå er istandsett til helt andre enn dei opphavelege føremåla.

I 1984 vedtok kommunen å kjøpa eit 125 år gamalt jærhus på Håland i Varhaug og plassera dette i tunet på Hå der den gamle forpaktarbustaden stod fram til 1950-åra. Same hausten starta grunnarbeida på denne tomta. Ein ville laga ny, solid kjellar under jærhuset, slik at denne kunne nyttast til ulike føremål.

Våren 1985 vart jærhuset frakta til Hå. Ein del av taket måtte takast



English summary

This is the third edition of the history of the old Hå vicarage. The first one was published to mark the opening of the old vicarage as municipal cultural centre on April 8, 1983.

The leaflet contains an account of the farm's history from the time Hå became a pastor's residence around 1637 until the farm was sold into privat ownership in 1921. The three last chapters, which are new, focus on the period between 1921 and 1978 when the old Hå vicarage was in private hands, the transition to municipal administration, an account of the farm buildings' restoration and, finally, a rundown on the activities arranged at Hå after it became a cultural centre for the municipality.

In the entire Stavanger bishopric (which covers the county of Rogaland) only two vicarages from the 1700's have been preserved: the main buildings at Hå and at the Lund vicarage in Dalane. The history of the old Hå vicarage dates from the 1630's, when the vicar had a private farm built at Hå and moved there from the official vicarage which was located next to the Bø church, further inland. Hå, in those days, was convently located. The sea was the most important way of communication and the only path across Jæren passed quite to the Hå complex. In addition, the farm also had great wealth in land and good salmon and pearl fisheries. Around 1660, Hå became the official vicarage and the parish changed its name from Bø to Hå.

By the 1800's Hå was no longer as centrally located in the parish, particularly after the Stavanger-Egersund railway was inaugurated in 1878. Gradually, the entire patterns of communication and settlement underwent a change. Maintaining the old parish buildings became a burden. So, soon after 1910 the state decided to build a vicarage next to the new Nærbø church, not far from the Nærbø railway station.

In 1921 the Norwegian state sold the Hå vicarage into private hands. Also, around this time the main building was scheduled, and protected by law. This lasted until 1946, when the then owner asked for the protection to be lifted.

Three different main buildings have stood at Hå. The first one, built in the 1630's, burned in 1721. The second building was also destroyed by



Hå gamle prestegard sett frå sør. Bilete frå hausten 1980. På dette tidspunktet var hovudbygningen istandsett utvendig. Dei to driftsbygningane frå 1899 og 1927 står her slik dei var då kommunen kjøpte prestegardstunet. (Foto Terje Forseth, Bonytt.)

Kunsthandverk:	Gunn Kvalbein og Liv Marie Flaten Tekstil og keramikk Utstillingsperiode: 16. februar – 17. mars Arrangør: Hå kulturstyre
Skulptur:	Bilethoggaren Magnus Vigrestad Utstillingsperiode: 23. mars – 27. mai Arrangør: Hå kulturstyre i samarbeid med Universitetsforlaget
Botanikk:	«Alikkavatn og tonglatare» - nyttevekstar på Jæren Utstillingsperiode: 23. mars - 23. juni Ny presentasjon av utstilling frå 1983.
Biletkunst:	Frans Widerberg og Knut Jørgensen Grafikk Utstillingsperiode: 27. april - 16. juni Arrangør: Hå kulturstyre
Fotokunst:	Morten Krogvold Utstillingsperiode: 22. juni - 1. sept. Arrangør: Hå kulturstyre
Arkeologi:	«Viva frå vogge til grav» Historia om ei kvinne frå den tida strandgravfeltet på Hå vart til. Utstillingsperiode: 29. juni - juni 1986 Arrangør: Arkeologisk Museum i Stavanger i samarbeid med Hå kulturstyre
Kunsthandverk:	«Norsk Kunsthåndverk 1985» Utstillingsperiode: 7. - 29. september Arrangør: Norske Kunsthåndverkeres forening, avd. Rogaland i samarbeid med Hå kulturstyre
Kunst- og kulturhistorie:	«Inntrykk og Uttrykk» Presentasjon av eldre og nyare kunst og kulturstoff med tilknyting til den kristne bodskapen. Utstillingsperiode: 5. oktober - 12. januar 1986 Arrangør: Hå skulestyre, Hå kulturstyre, Telemark lærarhøgskule, Formingslærarskulen
Biletkunst:	Bjørn Bjørneboe. Grafikk Presentasjon av Bjørneboe sine originalillustrasjonar til Alfred Hauge si bok: «Vegen til det døde paradiset» (Universitetsforlaget 1985), i samband med markeringa av Hauge sin 70-års dag på Hå. Utstillingsperiode: 19. oktober - 24. november Arrangør: Hå kulturstyre
Biletkunst:	Alf Næsheim. Teikning og grafikk Utstillingsperiode: 30. november - 15. desember Arrangør: Hå kulturstyre

1986:

Biletkunst:	Sara Tunheim. Maleri og akvarell Utstillingsperiode: 19. januar - 16. februar Arrangør: Hå kulturstyre
Biletkunst:	Liv Benedicte Nielsen. Maleri og grafikk Utstillingsperiode: 21. februar - 31. mars Arrangør: Hå kulturstyre
Arkitektur:	Byggeskikk i Norge: Arv - Eigenart - Fornying Fotoutstilling Utstillingsperiode: 5. april - 10. august Arrangør: Hå kulturstyre
Biletkunst:	Oddgeir Hadland. Fargeteikningar Utstillingsperiode: 5. april - 8. juni Arrangør: Hå kulturstyre
Biletkunst:	Bjørn Ransve. Grafikk Utstillingsperiode: 15. juni - 10. august Arrangør: Hå kulturstyre
Kunsthandverk:	«Norsk Kunsthåndverk 1986» Utstillingsperiode: 17. august - 7. september Norske Kunsthåndverkeres forening, avd. Rogaland i samarbeid med Hå kulturstyre
Biletkunst:	Stanley Stornes. Maleri og grafikk Utstillingsperiode: 14. september - 12. oktober Arrangør: Hå kulturstyre
Kulturhistorie:	«Utmed havet. Kystkvinners liv og virke» Vandreutstilling ved AOF. Utstillingsperiode: 18. oktober - 16. november Arrangør: Hå kulturstyre
Biletkunst:	Anne Rolfsen. Maleri og akvarell Utstillingsperiode: 19. oktober - 16. november Arrangør: Hå kulturstyre
Historie:	«Gard på kvar hodl» - busetnadsutviklinga på Jæren Utstillingsperiode: 19. oktober - 31. desember Ny presentasjon av utstilling frå 1984.
Kunsthandverk:	Odd Sama. Keramikk Utstillingsperiode: 16. november - 14. desember Arrangør: Hå kulturstyre
Biletkunst:	Knut Jørgensen. Akvarellar Originalillustrasjonane til forfattaren Helge Torvund si barnebok: «Multippel og dama med himmelhatten» (Gyldendal forlag 1986) Arrangør: Hå kulturstyre
Kulturhistorie:	«John Landstad. Prestegardsminne frå Hå i 1890-åra» Presentasjon av fotosamling frå fotoarkivet, Hå folkebibliotek Utstillingsperiode: 29. november - 8. februar 1987 Arrangør: Hå kulturstyre

Føreord

Dette er tredje utgåva av heftet om Hå gamle prestegard. Første utgåva «Hå prestegard. Eit historisk oversyn» kom ut til den offisielle opninga av Hå gamle prestegard, 8. april 1983. Andre utgåva «Hå gamle prestegard 1637–1985» kom våren 1985.

Dei sju kapitla fremst i dette heftet omhandlar Hå som prestegard i perioden 1637–1921. Framstillinga er den same i alle tre utgåvene. Dei historiske opplysningane her er henta frå Hå prestearkiv og frå Jæren og Dalane sorenskrivararkiv ved Statsarkivet i Stavanger.

Dei tre siste kapitla omhandlar restaureringa av prestegardsanlegget og Hå som kommunalt kultursenter i perioden 1983–1988. Framstillinga her er i denne utgåva ajourført fram til utgangen av året 1988. Arkitekt Per Line er ansvarleg for innhaldet i kapitlet om restaureringa av prestegardsanlegget.

Utstillingsoversynet bakerst i heftet har opplysningar om alle dei kring 70 store og små utstillingane som har vore på Hå sidan opninga i 1983. Lista over publikasjonar for sal på Hå er og ajourført i denne nye utgåva. Vi gjer her merksam på at Hå gamle prestegard også har for sal eit rikt utval av kunstkort, utstillingsplakatar og kunstnarkatalogar. Publikasjonane og desse andre trykksakene kan og bestillast direkte frå Hå kulturkontor, 4360 Varhaug.

Det er fleire nye illustrasjonar i denne tredje utgåva. Sidan sist utgåve kom i 1985, har Hå kulturstyre publisert ei biletbok med motiv frå den gamle prestegarden i 1890-åra, henta frå fotoarkivet etter prestesonen John Landstad. Seks av desse bileta finst og i dette heftet. Biletboka «John Landstad. Prestegardsminne frå Hå i 1890-åra» (1986) kan kjøpast på Hå, eller frå kulturkontoret. Denne boka utgjer eit fint supplement til den historiske delen av dette prestegardsheftet.

Vigrestad i februar 1989
Lisabet Risa

1987:

Biletkunst:	Nina Jo Melbøe. Maleri og grafikk Utstillingsperiode: 4. januar - 8. februar Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Kunsthandverk:	Ellen M. Kalvig og Helle Mellemstrand: «Ull og akryl» Maleri, grafikk og tekstil Utstillingsperiode: 15. februar - 15. mars Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	BKF - grafisk verksted, Stavanger. Presentasjon av grafiske arbeid frå Grafisk Verksted, stifta 1981 av Bildende Kunstneres Forening i Rogaland. Utstillingsperiode: 15. februar - 15. mars Arrangør: BKF – grafisk verkstad i samarbeid med driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	Erik Green. Maleri og teikning Utstillingsperiode: 22. mars - 26. april Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Historie:	«Kommunen gjennom 150 år» Historisk utstilling i samband med formannskapsjubileet 1987 Utstillingsperiode: 28. mars - 15. august Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Historie:	«Arkivvern er kulturvern» Presentasjon av Interkommunalt Arkiv i Rogaland og arbeidet med dei eldre kommunearkiva i Hå. Utstillingsperiode: 28. mars - 15. mai Arrangør: Interkommunalt Arkiv i Rogaland
Biletkunst:	Finn Graff. Teikning og grafikk Utstillingsperiode: 3. mai - 14. juni Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	«11 frå Ekely» Elleve kunstnarar frå Ekely presenterer arbeid i ulike teknikkar. Utstillinsperiode: 21. juni - 9. august Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst og keramikk:	Egil Røed og Gunnar Thorsen. Grafikk og keramikk Utstillingsperiode: 16. august - 13. september Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	Karl Erik Harr. Maleri og grafikk Utstillingsperiode: 19. september - 18. oktober Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	Sigvard Marnburg. Maleri Utstillingsperiode: 24. oktober - 15. november Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard

Biletkunst:	«Vennelagets vinterutstilling» Presentasjon av arbeida til fleire kunstnarar med tilknyting til Rogaland Utstillingsperiode: 20. november - 22. november Arrangør: Vennelaget for Hå gamle prestegard
Kunsthandverk:	«Norsk Kunsthåndverk 1987» Utstillingsperiode: 28. november - 20. desember Arrangør: Norske Kunsthåndverkeres Forening, avd. Rogaland, i samarbeid med driftsstyret for Hå gamle prestegard

1988:

Biletkunst:	Grafikkutstilling Presentasjon av arbeida til åtti norske grafikarar Utstillingsperiode: 9. - 24. januar Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	«Færøysk list» Fjorten kunstnarar frå Færøyane viser maleri, grafikk og teikningar Utstillingsperiode: 13. januar - 28. februar Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	Guttorm Guttormsgaard. Grafikk Utstillingsperiode: 5. mars - 4. april Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Historie:	«Jærlandskapet forandrer seg» Landskapshistorie gjennom 1.500.000.000 år Utstillingsperiode: 16. april - 30. september Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard i samarbeid med Arkeologisk Museum i Stavanger
Fotokunst:	Børge Kalvig: «Medmenneske» Utstillingsperiode: 9. april - 8. mai Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	Niclas Gulbrandsen. Grafikk Utstillingsperiode: 14. mai - 19. juni Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	Bjarne Røtterud og Oddbjørn Stølen Maleri og grafikk Utstillingsperiode: 25. juni - 31. juli Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Skulptur/ dikt:	«2rvund» Gunnar Torvund og Helge Torvund Skulptur og dikt Utstillingsperiode: 6. august - 28. august Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard

Innhald

Side

Føreord 5

Hå i prestegardstida 1637-1921

Slik gjekk det med dei gamle prestegardane i Jæren prosti 7

«Haae . . . Liger strax ved Søen udj alle Reysendes Vey . . .» 11
– Den gamle prestegarden ved havet låg sentralt til

Hå prestegard - bygningshistoria 14

Slik såg hovudbygningen ut innvendig 26

Då det var folksamt i prestegardstunet 29

Det var mange rundt matbordet på Hå, men inntektene kom frå fleire kjelder 31

«De vare forsamlede paa Haae Præstegaard . . .» 36
– I eldre tid var Hå den faste møtestaden i prestegjeldet

Hå som kommunalt kultursenter 1983 -

Frå statleg prestegard til kommunalt kultursenter 38

Restaurering av prestegardsanlegget 43

Hå som kultursenter 51

English summary 57

Litteratur om Hå i prestegardstida 59

Utstillingar på Hå i 1983-1988 61

Publikasjonar for sal på Hå gamle prestegard 68

Litteratur:	Helge Torvund: «I vatn, i lys» Presentasjon av Helge Torvund si diktmappe Utstillingsperiode: 6. august - 28. august Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	Grafikkutstilling Presentasjon av arbeida til 125 norske grafikarar Utstillingsperiode: 3. - 25. september Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	Grete Marstein. Maleri Utstillingsperiode: 1. oktober – 30. oktober Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Kulturhistorie:	«John Landstad. Prestegardsminne frå Hå i 1890-åra» Utstillingsperiode: 1. - 30. oktober Ny presentasjon av utstilling frå 1986
Biletkunst og kunsthandverk:	Johan E. Knoff - maleri Turid Mjelve - keramikk Utstillingsperiode: 5. november - 4. desember Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Biletkunst:	Vivian Zahl Olsen. Akvarellar Utstillingsperiode: 12. november - 4. desember Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard
Litteratur/ kunsthandverk:	«Skapande skriving» Presentasjon av dikt, teikningar og formingsarbeid som skulebarn i Hå har laga i eit samarbeidsprosjekt med kunstnaren Helge Torvund Utstillingsperiode: september - oktober Arrangør: Hå skulestyre
Biletkunst og litteratur:	«Helse - kultur» Samarbeidsprosjekt mellom helseinstitusjonar i fylket og ulike kunstnarar om kva den offentlege helsesektoren og kultur i vid forstand kan tilby einskildmennesket. Utstillingsperiode: 8. desember 1988 – 15. januar 1989 Arrangør: Driftsstyret for Hå gamle prestegard, arbeidsgruppa for revmatikarar, Rogaland fylkeskommune, Hå folkeakademi, Norsk forfattarsentrum og helse- og sosialetaten i Hå kommune

sysselsettingsmidlar. Vinteren 1988 vart det oppretta ei halv stilling som vedlikehaldsarbeidar på prestegardsanlegget.

Til denne tid er om lag halvparten av driftsutgiftene dekka av eigne driftsinntekter. Kommunen har elles fått driftsstøtte frå Miljøverndepartementet og frå Fylkesmannen i Rogaland. Kommunen har sjølv dekka mesteparten av utgiftene til restaurering og istandsetting av bygningane i tunet.

Hå gamle prestegard er berga for ettertida, og drifta av kultursenteret har vore svært vellukka til no. Likevel vil både staden og drifta til ei kvar tid representera ei stor, men spanande utfordring, ikkje berre for driftsstyret og kommunen, men og for sjølve lokalmiljøet.



(Teikning av Alf Næsheim.)



Kulturhistorie:	«Spor» - minne frå eldre tid. Utstillingsperiode: 26. mai - 30. september. Arrangør: Hå kulturstyre. Utstillinga bestod av tre forskjellige temautstillingar: «Bilete frå Hå» - presentasjon av fotobevaringsarbeidet i Hå kommune. «Nåbn i Hå» - presentasjon av stadnamninnsamlinga i Hå kommune. Hå bygdemuseum - presentasjon av museet sine oppgåver og samlingar.
Biletkunst:	Oskar Sørreime - maleri og kolteikningar. Utstillingsperiode: 17. juni - 16. september. Arrangør: Hå kulturstyre.
Historie:	Landbruksmaskinar frå bygdemusea på Jæren. Utstillingsperiode: 1. august - 16. september. Arrangør: Bygdemusea på Jæren.
Historie:	Utvandrarutstillinga «Reisen til Amerika». Utstillingsperiode: 6. oktober - 25. november. Arrangør: Universitetsforlaget i samarbeid med Hå kulturstyre. Samstundes med denne store vandreutstillinga vart det vist tre mindre utstillingar:
Historie:	Utvandring frå Hå. Arrangør: Hå kulturstyre i samarbeid med Statsarkivet i Stavanger.
Historie:	Utvandring frå Rogaland. Arrangør: Hå kulturstyre i samarbeid med Stavanger Museum.
Biletkunst:	Beverly Ulsrud og Jarle Rosseland. Arrangør: Universitetsforlaget i samarbeid med Hå kulturstyre.
Kunsthandverk:	Norske kunsthåndverkeres forening, avd. Rogaland. Utstillingsperiode: 1.-16. desember. Arrangør: Foreninga i samarbeid med Hå kulturstyre.
Biletkunst:	Roland Lengauer, maleri. Utstillingsperiode: 1. desember - 13. januar 1985. Arrangør: Hå kulturstyre.

1985:

Biletkunst og kunsthandverk:	«Fem former i fjøset» Ved Kari Grasmo, Gitte Magnus, Steinar Bjørke, Poul Johannes Jensen og Nina Hirsch Utstillingsperiode: 12. januar - 10. februar Arrangør: Hå kulturstyre
Historie:	Nærbø sparebank - 100-års jubileum Utstillingsperiode: 19. januar - 10. mars Arrangør: Nærbø Sparebank i samarbeid med SR-Bank

Slik gjekk det med dei gamle prestegardane i Jæren prosti

I eldre tid hadde prestane mange oppgåver for kyrkja og staten, både på det åndelege og det timelege området. Difor var prestegardane det kulturelle og politiske sentrum i bygdene våre like til siste århundreskiftet.

Prestegardane var oftast dei beste og største gardane i prestegjeldet. Dermed var desse gardane også storbedrifter med prestane som bedriftsherrar på det landbruksøkonomiske området.

Alt dette høyrer nå til ei meir eller mindre fjern fortid. Etter den nye geistlege lønningslova av 1897 kom prestane gradvis over på fast løn. Alt før den tid hadde dessutan staten begynt å redusera på prestegardsjorda ved å skilja frå nye bruk. Prestegardane skulle heretter vera vanlege gardsbruk for den enkelte prestefamilien, ikkje lokale storgods.

Det var likevel fyrst på 1900-talet at staten for alvor begynte å kvitta seg med dei gamle prestegardane.

Ein gamal kulturarv med røter frå mellomalderen stod dermed i fare for å forsvinna.

Korleis er så situasjonen i Rogaland i dag? Av dei fem landprostia, Dalane, Jæren, Hetland, Ryfylke og Karmsund, er det faktisk berre i Jæren prosti at ingen av dei gamle prestegardane er i bruk som bustader for presten.

Dei gamle prestegardane i dei fem jærprestegjelda har alle fått ein ulik lagnad. I dag er berre Hå og Høyland prestegard bevarte i det heile.

HÅLAND var prestegard i Håland (Sola frå 1967) prestegjeld frå mellomalderen av og fram til 1867. Hovudkyrkja i prestegjeldet låg og på garden fram til 1842. Då vart kyrkja riven. Den gamle prestegarden kom i kommunal eige i 1887. Fram til 1974 var han nytta som arbeidsgard.

I 1870 flytte presten til den nybygde Sola prestegard på Sømme. Den nye kyrkja på Sola vart hovudkyrkje frå 1842 av.

Prestegardsbygningane på Håland er ikkje bevarte i dag, med unntak av eit ombygt stabbur i tømmer frå ca. 1840.